



Finansutvalet/Planutvalet

Dato

LEIKANGER, 22.09.2015

Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 Arbeidsdokument 5/15

Grunnlaget for dette arbeidsdokumentet er vedteken økonomiplan 2016-19, jf. FT-sak 26/15. I tråd med vedtaket i denne saka vil budsjettprosessen no i haust ha hovudfokus på konkretisering av budsjettet for 2016. Dei attståande utgreiingsprosjekta og eventuelt nye utgreiingar vert som utgangspunkt først tema i økonomiplanprosessen våren 2016. Vi vil då ha fokus på budsjettet for 2017 og tilhøyrande økonomiplan (2018-20).

Dette arbeidsdokumentet har som mål å legge på plass mest mogleg av dei økonomiske føresetnadane for budsjett 2016, og gjere greie for den samla salderingssituasjonen før statsbudsjettet for 2016 vert lagt fram 7. oktober.

Hovudpunkta i dette arbeidsdokumentet vil vere:

- Den vidare budsjett og økonomiplanprosessen
- Justert opplegg for det vidare utgreiingsarbeidet
- Investeringsbudsjettet
- Driftsbudsjettet – justeringar av basisrammene
- Innspel frå sektorane
- Andre budsjett- og økonomirelaterte saker
- Salderingssituasjonen før framlegg til statsbudsjett
- Ei kort vurdering av risikofaktorar i det økonomiske opplegget
- Vidare arbeid

1 DEN VIDARE BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANPROSESSEN

1.1 Fokus i dei ulike prosessane

Økonomiplanen som vart vedteken no i juni, legg mellom anna til grunn følgjande premissar for det vidare budsjett- og økonomiplanarbeidet:

- Tiltak og tilpassingar må om naudsint utgreiast og konkretiserast som ein del av arbeidet med budsjett 2016.
- Utgreiingar med seinare ferdigstillingsdato skal handsamast som ein del av budsjett/økonomiplanprosessen i 2016.

I tilhøyrande arbeidsdokument 3/15 vart det fastsett at vi vidarefører den budsjetteringsmetoden vi nytta i arbeidet med budsjett 2015/økonomiplan 2015-18 og økonomiplan 2016-19 fram til vi har balanse i økonomien.



Dette betyr i praksis at budsjettarbeidet i åra framover vert delt i to prosessar; budsjettprosess om hausten og økonomiplanprosess om våren. Arbeidet framover får då følgjande fokus;

Budsjett 2016/økonomiplan 2016-19 – i FT des. 2015:

- Vedtak av detaljbudsjettet for 2016.
- Ta stilling til korleis vi skal arbeide vidare med dei ikkje ferdigstilte utgreiingane med sikte på å ha eit best mogleg grunnlag for å ta stilling til korleis budsjettet for 2017 skal salderast.
- Teknisk saldering av åra 2018-19.

Økonomiplan 2017-20 – i FT juni 2016:

- Skisse til saldering av budsjett 2017 (grunnlag for hovudutvala sitt arbeid med detaljbudsjettet for same år.)
- Ta stilling til kva område vi ynskjer å gå vidare med for å få saldert budsjettet for 2018.
- For åra 2019-20 vil vi gjere ei teknisk justering på line med det vi gjorde i gjeldande økonomiplan.

1.2 Hovudutvala si rolle

Ein slik budsjetteringsmetode vil flytte det strategiske fokuset og hovudutvala sitt høve til å påverke eigne rammeverk av den årlege budsjettprosessen til økonomiplanprosessen. Det vil no vere økonomiplanarbeidet om våren som vert arena for dei overordna grepene på tvers av sektorane og rammene for den enkelte sektor, medan hovudutvala si rolle i budsjettarbeidet i stor grad vil vere knytt til konkretisering av sektoren sitt detaljbudsjett for 2016.

Tilråding

Finansutvalet tek presiseringa i høve den vidare budsjett- og økonomiplanprosessen til vitande.

2 JUSTERT OPPLEGG FOR DET VIDARE UTGREIINGSARBEIDET

Dei ikkje ferdigstilte utgreiingane skal i tråd med vedtaket i økonomiplansaka no i juni handsamast som ein del av økonomiplan- og budsjettprosessane i 2016.

Utgreiingsporteføljen som står att, har ein kompleksitet og eit betydeleg internt samordningsbehov som krev gode prosessar i organisasjonen. T.d. treng IKT-utgreiinga samt utgreiinga som vurderer løn- og rekneskapssystemet for fylkeskommunen, å bli vurderte som delutgreiingar opp mot utgreiinga om rolle og storleik for sentraladministrasjonen.

For å sikre at dette vert ivaretake, legg fylkesrådmannen opp til ein generell utgreiingsfrist for alle resterande utgreiingar til 15.03.2016. For å ivareta naudsynte samordningsbehov vil nokre av desse utgreiingane likevel ha ei administrativ rapportering hausten 2015. Eventuelle mandat for nye utgreiingar som fylkesrådmannen meiner bør gjerast inn mot økonomiplanarbeidet våren 2016 vert lagt fram for finansutvalet 04.11.2015. Nedanfor følgjer fylkesrådmannen sine kommentarar til vidare framdrift og avgrensingar for nokre av dei pågåande og attståande utgreiingane.

2.1 Ny driftsstandard for fylkesvegnettet (#45)

Utgreiingsarbeidet knytt til ein ny driftsstandard for fylkesvegnettet vert ferdigstilt i løpet av hausten 2015. I denne rapporten vert tilleggsbestillingane omkring vurdering av effektar for trafikktryggleik, heim for ein 100-lapp, samt tilskot til kommunalt trafikktryggingsarbeid lagt inn.

Det skal ut eit nytt anbod på driftskontraktar våren 2016. Skal ein kunne nytte ein ev. ny driftsstandar i dette anbodet, må denne vere politisk godkjend seinast i april 2016. Fylkesrådmannen meiner likevel vurderinga omkring eit ev. nytt nivå på driftsstandarden bør sjåast i samanheng

med dei resterande utgreiingane når fylkestinget handsamar den nye økonomiplanen i juni 2016. Det bør i størst muleg grad leggjast opp til heilskaplege og samanhengande prioriteringar i og mellom sektorane når ytterlegare innsparinger skal gjerast for å imøtekome krava vi står overfor. Dersom den økonomiske situasjonen skulle krevje det, er det også mogeleg å vurdere dette tiltaket alt i desember 2015. Dette vil vi difor ev. kome attende til.

I tillegg har hovudutval for samferdsle bede fylkeskommunen om å gå i dialog med Buskerud og Oppland fylkeskommune, for å sjå om ein kan finne løysingar for å unngå vinterstenging. Fylkesrådmannen tilrår at hovudutval for samferdsle initierer ein slik dialog.

2.2 Tannhelseutgreiinga (#22)

Utgreiinga som vurderer ein framtidsretta og meir effektiv tilbods- og klinikksstruktur innanfor tannhelsetenesta, vert levert innan utgangen av 2015. Dette er naudsint for å sikre involvering og personalpolitisk gode prosessar fram mot eit ev. økonomiplanvedtak i juni 2016.

2.3 IKT-utgreiinga (#53)

Utgreiinga har to hovudområde for vurdering av innsparingspotensiale; auka standardisering av utstyr/innkjøp og vidare organisering av IKT drift. Graden av standardisering av utstyr/innkjøp vil ha direkte effekt på effektiviseringspotensialet innan IKT-drifta. Vidare vil framtidig organisering av IKT-drifta ved den enkelte vidaregåande skule kunne få ein viss samanheng med utgreiinga «E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane».

Fylkesrådmannen tek sikte på å iverksette standardisering av innkjøp og utstyrspark innanfor IKT-området når dette er ferdig utgreidd. Resterande utgreiing vert lagt fram i samband med økonomiplanarbeidet våren 2016.

2.4 Sentraladministrasjonen – roller og storleik (#57)

Fylkesrådmannen syner her til eige notat til fylkesutvalet 30.09.2015 knytt til endringar i organisasjonen. Dette notatet omtalar også andre element innafor denne utgreiinga. Notatet følgjer som vedlegg.

2.5 Innsparingspotensiale i skule- og tilbodsstruktur (#59)

Fylkesrådmannen opprettar her eit nytt utgreiingsoppdag #59 Innsparingspotensiale i skule- og tilbodsstruktur. Dette vert gjort med grunnlag i hovudutvalet for opplæring sitt innspel i økonomiplan 2016-19. Denne utgreiinga har førebels ikkje fått fastsett noko mandat. Fylkesrådmannen vil her gjere greie for nokre element som vil vere avgjerande for utforming av mandat og framdrift i arbeidet.

Økonomiplanen viser at det er fyrst i 2019 at opplæring har eit urealisert innsparingskrav på 25 mill. kr/år. Dei to største områda som ikkje er utgreidde i sektoren er driftsrammer for Fagskulen og no ytterlegare innsparinger knytt til skule- og tilbodsstruktur. I tillegg er det fleire sektor-overgripande utgreiingar som kan kome til å vise noko innsparingspotensiale i sektoren. Fylkesrådmannen meiner det er mest tenleg at dei to store attståande utgreiingane får same ferdigstillingstidspunkt og då etter ferdigstilling av dei andre utgreiingane på sektoren.

Ut frå dette er det realistisk å arbeide fram mot eit vedtak i juni 2017. Det er tidsnok for å kunne effektuere innsparinger på skule- og tilbodsstruktur med heilårseffekt i 2019.

Uavhengig av når utgreiinga skal handsamast politisk, ser fylkesrådmannen det som føremåls-tenleg at denne utgreiinga i hovudsak følgjer den same saksgangen som dei andre utgreiingane i SFJ 2019. Det vil vere viktig at prosessane knytt til mellom anna involvering av tilsette og tillitsvalde skjer tilsvarende dei andre utgreiingane. Samstundes viste arbeidet med skulebruksplanen i 2013 at det er krevjande å greie ut konsekvensar og kostnader knytt til endra skule- og tilbodsstruktur. I lys av dette ser fylkesrådmannen føre seg eit arbeid i to deler. I den fyrste fasen kan det vere føremålstenleg at finansutvalet tek stilling til prinsipielle problemstillingar og føringar. På bakgrunn av desse føringane kan fylkesrådmannen utarbeide ein modell for struktur i fase 2.

Hovudutval for opplæring bør komme med tilråding på føringar som skal leggast til grunn for utgreiinga i fase 1.

Ein viktig del av ei utgreiing om framtidig skule- og tilbodssstruktur er konsekvensar for bygg og eigedomar. Ei nedlegging av fleire vidaregåande skular vil kunne utløyse arealbehov på nokre skular. Dette gjeld særleg på skulane i Førde, Sogndal og Eid.

I Førde er utbyggingsplanane på Mo og Øyrane vidaregåande skule utsett i påvente av nytt vedtak om nytt skule- og tilbodssstruktur (FT sak 32/14). På Hafstad vidaregåande skule arbeider fylkesrådmannen med programmering for utviding av Hafstad vidaregåande skule i samsvar med fylkestinget sitt vedtak i sak 32/14. Fylkesrådmannen meiner at vi no bør utarbeide eit tillegg til romprogrammet som tek høgde for eit auka behov som følgje av eventuelle strukturelle endringar. Meirkostnaden med ei slik tilnærming vil vere marginal i høve å skulle bygge fleire klasserom på eit seinare tidspunkt.

2.6 Fagskuleutgreiinga (#20)

Når framtidig styre er vald etter fylkestingsvalet, vil fylkesrådmannen gå i dialog med Fagskulen m.o.t. framdrift og fagleg fokus i prosjektet, utgreiingsrammer og leveringsfrist.

Fylkesrådmannen viser i denne omgang berre til førebels tilbakemelding frå fagskulestyret i notat datert 01.04.2015, som ligg som eige vedlegg til økonomiplansaka av juni-15.

2.7 Justert utgreiingsportefølje og administrative fristar:

Utgreiingsoppdrag og administrative fristar	2015	2016	2017
Ny driftsstandard på fylkesvegnettet (inkl. Heim for ein 100-lapp og tilskot til kommunalt trafikktryggleiksarbeid) (#45)	15.12.		
Tannhelsetenesta (#22)	15.12.		
IKT-tenestene (#53)		15.03.	
Folkehelsearbeidet (#51)		15.03.	
Løn- og rekneskapstenestene (#54)		15.03.	
Sentraladministrasjon; roller og storleik (#57)		15.03.	
Driftsteknikartenestene (#55)		15.03.	
Reinhaldartenestene (#56)		15.03.	
Opplæring:			
Rådgjeving ut over avtalefesta nivå (#7)		15.03.	
Oppfølging av kostnadskrevjande tiltak i handlingsprogrammet (#9)		15.03.	
Leiingsressurs ut over avtalefesta nivå (#10)		15.03.	
Sommarskule (#11)		15.03.	
Rekruttering og kompetanseutvikling ped.personale (#12)		15.03.	
Omstillings- og seniortiltak for pedagogisk personale (#13)		15.03.	
Stimuleringsstiltak i fag- og yrkesopplæringa (#17)		15.03.	
E-pedagogressurs ved dei vidaregåande skulane (#58)		15.03.	
Innsparingspotensiale i skule- og tilbodssstruktur (#59)			15.03.
Fagskulen i Sogn og Fjordane (#20)			15.03.
Miljøkoordinatorressursen ved dei vidaregåande skulane (#14)		Tidl. teken ut.	

Tilråding

Finansutvalet sluttar seg til skissert opplegg for ferdigstilling av attståande utgreiingar.

Hovudutvalet for samferdsle initierer ein dialog med Buskerud og Oppland fylkeskommunar, for å sjå om ein kan finne løysingar i høve vintervedlikehaldet av fjellovergangen.

Finansutvalet sluttar seg til at framdrifta for utgreiinga av skule- og tilbodsstruktur vert fastsett med tanke på ei politisk handsaming våren 2017. Utgreiinga vert todelt;

første fase skal ta stilling til prinsipielle føringer,

med grunnlag i desse føringane skal det utarbeidast ein modell for framtidig ny skule- og tilbodsstruktur.

Hovudutvalet for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet, og kome med framlegg til prinsipielle føringer.

Finansutvalet sluttar seg til at det vert utarbeidd eit tillegg til romprogrammet for Hafstad vidaregåande skule som viser ekstrakostnader ved å legge til rette for ei ev. endring i skulestrukturen på seinare tidspunkt. Romprogrammet med tilhøyrande tillegg vert å handsame som eiga politisk sak når dette er klårt.

3 INVESTERINGSBUDSJETTET

I dette punktet vil fylkesrådmannen presentere framlegg til investeringsprogram for bygg- og veginvesteringar for perioden 2016-19. Programma tilsvrar gjeldande program justert for:

- Fylkestinget sin økonomiplan 2016-19
- Framlegg til tertialrapport 2/15.
- Nye tilrådingar gjennom dette arbeidsdokumentet.

3.1 Forskyving i investeringsprosjekt – forskyvd låneopptak

Fylkesrådmannen tilrår i tertialrapport 2/15 å redusere investeringsbudsjettet for bygg med 46,150 mill. kr. Reduksjonen kjem som følgje av ein kritisk gjennomgang av lånebehovet i inneverande år for å sikre at låneopptaket i 2015 så godt det let seg gjere er tilpassa faktisk behov i 2015. Reduksjonen representerer i hovudsak ei forskyving av løyvingar til seinare år, men all forskyving av låneopptak ut i tid vil gje reduserte kapitalutgifter og slik sett salderingsvinstar på kort sikt.

Vidare har fylkesrådmannen tilrådd at frigjorte driftsmidlar i tertialrapporten på 15,381 mill. kr vert nytta som finansieringskjelde på investeringsbudsjettet for fylkesvegar.

Dette betyr alt i alt at samla låneopptak knytt til bygginvesteringane kan reduserast med om lag 40 mill. kr og låneopptaket til veginvesteringar kan reduserast med 5 mill. kr i 2015.

Forskyvingane i framdrift på investeringsprosjekt er innarbeidd i dei respektive framlegga til investerings- og finansieringsprogram.

3.2 Bygginvesteringar

Fellesmagasin for musea

Slik det var omtalt i arbeidsdokument 3/15 har fylkesrådmannen arbeidd med å avklare ev eigarskapsmodell, finansiering, organisering og fagleg løysing for fellesmagasinet med ei alternativ plassering. Utgreiingar og vurderingar gjort i samråd med musea i Sogn og Fjordane viser at alternativ plassering (Agedalen, Førde) gjev både for store kostnader og for store faglege utfordringar til at vi kan tilrå å gå vidare med dette alternativet. Samstundes løyser det heller ikkje dei utfordringar ein i dag har ved Museet i Movika med arbeidsplassane for dei tilsette.

I den situasjonen vi no er i, ser fylkesrådmannen to angrepsvinklar på denne saka:

1. Starte ein heilt ny prosess i høve det å få på plass eit fellesmagasin for musea i fylket.
2. Prøve å realisere det nedskalerte fellesprosjektet «Kløften» i Movika.

Skal ein starte på nyt, vil dette senke prosessen mykje samstundes som fylkesrådmannen er usikker på om det let seg gjere å finne andre alternativ til ein vesentleg lægre investeringsramme. Fylkesrådmannen vil difor tilrå at ein nyttar 2016 med tanke på å få på plass ein finansieringsplan for det nedskalerte fellesprosjektet «Kløften».

Realisering av prosjektet føreset finansiell medverknad frå både staten, fylkeskommunen og kommunane i fylket.

Det må arbeidast vidare med å avklare bidraga frå staten og kommunane. Den fylkeskommunale delen av finansieringa er alt innarbeid i økonomiplanen. Fylkeskommunal medverknad føreset at:

- Det må lagast ein avtale mellom partane (Musea, kommunane og fylkeskommunen) som regulerer ansvarsdelinga for finansiering og drift.
- Fylkeskommunen vert eigar av den delen av bygget/eigedommen fylkeskommunen finansierer (føresetnad for lånefinansiering av investeringsbidraget).

For å få avklart staten sin medverknad i prosjektet er det krav om å ha eit ferdig forprosjekt. For å kunne vere i posisjon til å ev. sende inn søknad om statleg godkjenning og medverknad i prosjektet i mars 2017, vil fylkesrådmannen tilrå at vi opnar for å nytte den planlagde løvvinga i 2016 til å forprosjektere prosjektet. Dersom prosjektet vert realisert vert utgiftene ein del av prosjektkostnaden og den totale finansieringa. Vert prosjektet derimot stoppa før realisering, må det settast som føresetnad at Førde kommune, som vertskommune, og fylkeskommunen deler desse kostnadane.

Musea i Sogn og Fjordane har såleis to store utfordringar som dei må få på plass før ei endeleg realisering kan være mogleg. Det eine er knytt til føresetnaden om å få til naudsynt kommunal medverknad på investeringssida og det andre er å få etablert ei stabil økonomisk driftssituasjon som også tek høgde for driftskostnadane med eit nytt fellesmagasin. For omtale av dagens driftssituasjonen vert det vist til eige punkt i dette arbeidsdokumentet.

Tilråding

Fellesmagasinet vert søkt løyst gjennom det nedskalerte fellesprosjektet «Kløften».

Fylkeskommunal medverknad føreset at:

- * Det må lagast ein avtale mellom partane som regulerer ansvarsdelinga for finansiering og drift.
- * Fylkeskommunen vert eigar av den delen av bygget/eigedommen fylkeskommunen finansierer.

Under føresetnad av at Førde kommune tek 50% av kostnadane til forprosjektet om prosjektet ikkje vert realisert, vert det opna for å gjennomføre eit forprosjekt i 2016.

Måløy vidaregåande skule, blokk C

Måløy vidaregåande skule har ein stor bygningsmasse. Blokk C har i dag undervisningsrom for fellesfag og studiespesialiserande, TIP, samt diverse fellesfunksjonar som t.d. laboratorium og bibliotek. Blokk C er oppført i 1986 og ber preg av slitasje og intensiv bruk. Bygget treng rehabilitering ut over det normale vedlikehaldet. Spesielt er dette knytt til fasadar, vindauge og ny taktekking. Bygget har og ein del manglar i høve inndeling og teknisk struktur og ikkje minst i høve universell utforming. Til dømes manglar det heis.

Det er tidlegare gjort ulike kartleggingar og vurderingar kring behovet. Det startar allereie tilbake i 2003 med dei første kartleggingane av universell utforming. Vidare er det ved ulike høve gjort vurderingar, t.d. ved tilstandsanalysane i samanheng med utarbeidning av skulebruksplanen i 2012.

Med grunnlag i tidlegare utredningar og kartleggingar er det forventa at investeringsbehovet vil ligge i storleiksordenen 30-35 mill. kr.

I motsetning til mange av dei andre vidaregåande skulane som har vore gjenstand for bygningsmessige oppgraderinger dei siste åra, er dette eit av dei kritiske bygga fylkeskommunen har i porteføljen som treng rehabilitering. Bygget vert ikkje fanga opp i dei andre investeringsprosessane på opplæringssektoren.

Fylkesrådmannen tilrår at det våren 2016 vert gjort eit nærmere kartleggingsarbeid (skisseprosjekt) for å definere dagens behov, samt at det vert gjort ei ny oppdatert kalkylevurdering på dette grunnlaget. Konkret løyving og gjennomføring vert å ta stilling til som ein del av arbeidet med økonomiplan 2017-20.

Tilråding

Det vert gjennomført eit skisseprosjekt våren 2016 med tanke på å definere investeringsbehovet på blokk C ved Måløy vidaregåande skule. Investeringsbehovet vert å kome attende til som ein del av økonomiplan 2017-20.

Investeringsprogram for bygg

Prosj. nr (faste 2015-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Forvaltning	45,6	11,4	11,4	11,4	11,4
IT001 IKT-investeringar	16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
O2M01 "Miljøprosjekt" - ufordelt	21,6	5,4	5,4	5,4	5,4
EK001 Eigenkapitalinnskot KLP	8,0	2,0	2,0	2,0	2,0
Opplæring	435,0	196,3	112,8	67,8	58,1
OR200 Ombygging/Rehabilitering/Sikring/Brann	79,0	20,0	19,0	20,0	20,0
IU200 Utstyr	52,0	13,0	13,0	13,0	13,0
PC002 PC-ordninga	25,8	6,6	6,4	6,4	6,4
NY001 Konsekvensar av skulebruksplanen - ufordelt	105,3	36,0	28,2	22,4	18,7
NY232 Mo og Jølster - vassforsyning	1,3	1,3			
NY224 Sogndal vgs - byggesteg II	141,0	94,4	40,6	6,0	
NY226 SJH - ekstraordinært vedlikehald	30,6	25,0	5,6		
Tannhelse	16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
TA300 Oppgradering av tannklinikkar	16,0	4,0	4,0	4,0	4,0
Samferdsle	14,1	9,4	4,7		
SA001 Elektronisk billettering	14,1	9,4	4,7		
Kultur	60,9	3,4		20,0	37,5
KU002 Fellesmagasin for musea	60,9	3,4		20,0	37,5
SUM INVESTERINGAR	571,6	224,5	132,9	103,2	111,0

Tilhøyrande finansieringsplan

FINANSIERING	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva	112,6	44,4	26,2	20,2	21,8
Driftsmidlar	19,8	6,3	4,5	4,5	4,5
Bufferfondet	2,7	2,7			
Diverse ubundne fond	7,2		7,2		
Andre tilskot	16,6	7,9	2,9	2,9	2,9
Lånemidlar	412,7	163,2	92,1	75,6	81,8
SUM FINANSIERING	571,6	224,5	132,9	103,2	111,0

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

3.3 Fylkesveginvesteringar

Ordinært investeringsprogram for fylkesvegar med tilhøyrande finansieringsplan

I arbeidsdokument 3/15 vart det fastsett ei investeringsramme for fylkesveginvesteringar i økonomiplanperioden 2016-2019. Fylkesrådmannen vil no presentere eit oppdatert investeringsprogram og kommentere nokre naudsynte endringar i investeringsprogrammet.

Store prosjekt:

Fv. 60 Olden – Innvik, parsell Ugla – Skarstein er justert i høve forventa løyvingstakt. Det er forventa at prosjektet vert lyst ut på anbod hausten 2015 med anleggstart vinteren 2015/2016. Ferdigstilling vert truleg hausten 2017. I tråd med tidlegare praksis er det lagt inn ei løyving på 36 mill. kr, dvs. 10 % av kostnadsoverslaget, til avviksfond for å møte ev. overskridinger i prosjektet.

Stortinget vedtok Prop. 137 S (2014–2015) - Utbygging og finansiering av Førdepakken i Sogn og Fjordane den 18. juni 2015 i samsvar med innstillinga. I denne utbyggingspakken er det er lagt til grunn 157 mill. 2015-kr i fylkeskommunale midlar frå 2018-2023, fordelt med 26,3 mill. kr årleg. Førebels er det berre desse løyvingane som er lagt inn i investeringsbudsjettet.

Det er lagt inn ei løyving på 5 mill. kr til sluttføring av Dalsfjordsambandet. Midlane skal nyttast til grunnerstatning og til ev. tiltak i samband med etterkontroll av utført rassikring langs vegen.

Mindre utbetringar:

Prosjektering av utbetring av Daløy ferjekai er kome godt i gang, og oppstart av prosjektet er planlagt i løpet av 2016. Statens vegvesen har ikkje laga endeleg kostnadsoverslag på heile prosjektet, men førebels estimat er på om lag 20 mill. kr. Dette er om lag 6 mill. kr høgare enn førebels innlagt løyving. Kostnaden med tiltaka vi må gjennomføre i 2016 er rekna til om lag 15 mill. kr. Det er ytterlegare behov for om lag 5,5 mill. kr i 2017. Fylkesrådmannen ser det ikkje som realistisk at det kan vere på plass ei bruløysing på Ytre Steinsund før nytt ferjeanbod 1.1.2019 og legg difor opp til å gjennomføre nødvendige utbetringar som eit samla prosjekt.

Fylkesrådmannen har lagt opp til å løyve samla 6 mill. kr i 2018 og 2019 til nye brøystasjonar på fv. 53 og fv. 50. Desse er i dårlig stand og det er behov for å bygge nye. Dette i tråd med Handlingsprogram 2014-2017 (23) der prosjekta er prioriterte i perioden 2018-2023.

Andre tiltak:

Fylkesrådmannen har vidare lagt opp til ei løyving på 2 mill. kr i 2016 som vil bli nytta til sluttSaldering av diverse prosjekt på fylkesvegnettet, samt nokre planleggingsmidlar i 2018-2019.

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2015-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Store prosjekt	444,6	175,0	140,0	103,3	26,3
Fv. 60 Olden-Innvik, parsell Ugla-Skarstein	351,0	170,0	140,0	41,0	
Avviksfond Ugla - Skarstein	36,0			36,0	
Førdepakken	52,6			26,3	26,3
Fv. 609 Dalsfjordsambandet (sluttføring)	5,0	5,0			
Mindre utbetringar	73,5	24,0	43,5	3,0	3,0
Fv. 243 Aurland-Stegastein (ref. forskottering)	4,0	4,0			
Fv. 31 Daløy ferejekai - utbetring	20,5	15,0	5,5		
Fv. 633 Rasoverbygg Kleiva	43,0	5,0	38,0		
Fv. 53 Ny brøystestasjon Holsbru	3,0			3,0	
Fv. 50 Ny brøystestasjon	3,0				3,0
Gang- og sykkelveg	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Fv. 546 Brandsøyvegen	5,2	1,3	1,3	1,3	1,3
Trafikktryggingstiltak	32,0	8,0	8,0	8,0	8,0
Planlegging og prosjektering	3,9	1,5	0,8	0,8	0,8
Avslutning av diverse prosjekt	2,0	2,0			
SUM INVESTERING	561,2	211,8	193,6	116,4	39,4

FINANSIERINGSPLAN	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	88,6	37,0	34,6	15,0	2,0
Driftsmidlar	50,9	11,8	14,0	14,0	11,1
Div ubundne fond	42,0	21,0	21,0		
Lå nemidlar	327,1	142,0	124,0	61,1	
Førdepakken (lå nemidlar)	52,6			26,3	26,3
SUM FINANSIERING	561,2	211,8	193,6	116,4	39,4

Investeringsprogram for rassikring med tilhøyrande finansieringsplan

Det er staten sin handlingsplan for rassikring i perioden 2014-2017 som legg rammer for det statlige tilskotet. Ut frå tildelt ramme i perioden har vi framleis til disposisjon 150 mill. kr. Løyving til rassikring frå 2018 vil først vere kjent når ny handlingplan for perioden 2018-2021 vert lagt fram.

Framlegg til investeringsprogram for rassikringstiltak er oppdatert i høve framdrift på fv.337 Bjødnabakken. Vidare har vi lagt inn 2 mill. kr til prosjektering på fv. 722 Flovegen i 2016 som er det neste prioriterte prosjektet. Ledige midlar på 150 mill. kr er lagt inn til disposisjon i 2017.

INVESTERINGSPROGRAM (faste 2015-kr)	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Fv. 55 Gullringen	121,4	60,4	61,0		
Fv. 337 Bjødnabakken	106,1	90,0	16,1		
Fv.722 Flovegen (prosjektering)	2,0	2,0			
Mindre skredsikringstiltak - utfordelt	40,0	10,0	10,0	10,0	10,0
Til disposisjon	150,0		150,0		
SUM INVESTERING	419,5	162,4	237,1	10,0	10,0

FINANSIERINGSPROGRAM	SUM I PERIODEN	2016	2017	2018	2019
Mva-kompensasjon	55,9	19,0	33,1	1,9	1,9
Statleg tilskot	363,6	143,4	204,0	8,1	8,1
SUM FINANSIERING	419,5	162,4	237,1	10,0	10,0

Tilråding

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar og rassikring vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

4 DRIFTSBUDSJETTET – JUSTERINGAR AV BASISRAMMENE

4.1 Lokale inntekter samla

Som lokale inntekter reknar vi sal av konsesjonskraft og utbytte frå selskapa våre. Mykje av informasjonen knytt til selskapa er ikkje offentleg. Fylkesrådmannen har difor funne det tenleg å legge vurderingane av desse inntektene i eit eige vedlegg som vert unnateke offentlegheit.

I dette punktet vert dei lokale inntektene omtala samla.

Lokale inntekter må sjåast på som eingongsinntekter, og beløpa kan variere sterkt mellom åra. Det har difor vore rådande politikk i fylkeskommunen dei seinare åra at bruken av lokale inntekter til driftsføremål har vore avgrensa til eit «sikkert» nivå på denne inntektskjelda. Overskytande midlar har vorte tilført bufferfondet og etter realisering vorte nytta til å finansiere eingongstiltak.

Budsjetterte lokale inntekter i gjeldande økonomiplan bygger på prognosar pr. september 2014. «Taket» på bruk av lokale inntekter til driftsføremål er her sett til 65 mill.kr. i 2016 og 60 mill.kr. årleg for åra deretter. Overskytande midlar i høve dette nivået er lagt på bufferfondet.

Nye prognosar pr. september 2015 viser ein auke i lokale inntekter i høve gjeldande økonomiplan:

Lokale inntekter	2016	2017	2018	2019
Ny prognose pr. september 2015	90,8	107,0	131,2	139,1
Lokale inntekter i gjeldande økonomiplan	82,0	64,6	63,3	63,3
Auke	8,8	42,4	67,9	75,8

I vedteken økonomiplan 2016-19 var ein av strategiane for å skape økonomisk balanse på mellomlang sikt å arbeide for å redusere kapitalutgiftene gjennom auka lokale inntekter/realisering av verdiar. Fylkesrådmannen legg i tråd med denne strategien opp til å nytte prognostisert auke i lokale inntekter til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

Om prognosane vert realiserte, og auken vert nytta som tilrådd i dette punktet, vil dette tiltaket åleine redusere den årlege kapitalutgiftsbelastninga med 14 mill. kr ved full effekt i 2020. Behovet for å setje i verk utgiftsreduserande tiltak i drifta vert tilsvarande redusert.

Tilråding

Den nye prognosan for lokale inntekter vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Auka prognostiserte inntekter i høve gjeldande økonomiplan vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

4.2 Kapitalinntekter og -utgifter

I dette punktet gjer fylkesrådmannen ei vurdering av tilrådde renteføresetnader som vert lagt til grunn for berekning av kapitalinntektene og -utgiftene i planperioden. Deretter vert berekna kapitalinntekter og -utgifter presenterte.

Renteføresetnader

Fylkesrådmannen tilrår at rentenivået i planperioden vert fastsett slik:

- *Rentesats på lån:* Noregs Bank si forventa styringsrente ved inngangen av året + 1,4 % - poeng.
- *Rentesats på innskot/rentekompensasjonsordningane:* 0,5 % -poeng lågare enn renta på lån.

Påslaget på styringsrenta er justert opp med 0,4 % -poeng ved fastsetting av rentesatsen vi nyttar på låneporteføljen. Bakgrunn for dette er at rentesatsen tidlegare berre har vore nyttå på dei flytande låna. I dette arbeidsdokumentet tilrår fylkesrådmannen ein ny metode for berekning av kapitalutgifter der vi mellom anna nyttar rentesatsen på heile låneporteføljen. Dette inneber at påslaget no må inkludere delen av gjelda med fast rente. Påslaget er altså inkludert forsikrings-premien for dei faste låna våre. I tillegg vert marginane på bankane sine utlån auka med bakgrunn i auka kapitalkrav til bankane.

Rentenivået for bankinnskot er, i tråd med erfaringstal, oppjustert med 0,2 % -poeng i høve gjeldande føresetnader.

Med utgangspunkt i Noregs Bank si gjeldande rentebane og forventa styringsrente pr. 19. juni 2015 vert det lagt opp til å nytte slike renteføresetnader i komande planperiode:

	2016	2017	2018	2019
Lånerente	2,40 %	2,40 %	2,50 %	2,90 %
Innskotsrente/kompensasjonsordningar	1,90 %	1,90 %	2,00 %	2,40 %

Tilråding

Rentesats på lån vert sett til 2,4 % i 2016, 2,4 % i 2017, 2,5 % i 2018 og 2,9 % i 2019.

Rentesats på bankinnskot/rentekompensasjonsordning vert føresett 0,5 % lågare enn renta på lån.

Renteinntekter

Rentekompensasjon til investering i skulebygg og til transporttiltak

Prognosene for rentekompensasjon vert nedjustert i høve gjeldande økonomiplan. Redusjonen er i hovudsak knytt til lågare renteføresetnader. Ny prognose for dei to rentekompensasjonsordningane vert vist i tabellen under:

	2016	2017	2018	2019
Rentekomp. for skulebygg, jf nye føresetnader	2,6	2,3	2,1	2,3
Rentekomp. for skulebygg, jf gjeldande øk. plan	3,3	3,2	3,3	3,3
Rentekomp. for transporttiltak, jf nye føresetnader	15,2	16,3	18,1	22,4
Rentekomp. for transporttiltak jf. gjeldande øk. plan	18,7	22,4	28,1	27,7
Sum endring	-4,2	-7,0	-11,2	-6,3

Ordinære renteinntekter

Gjennomsnittslikviditeten så langt i 2015 har vore på om lag 800-900 mill. På grunn av forventa nedgang i årlege inntekter er det forventa ein nedgang i likviditeten dei komande åra. Med bakgrunn i dette er gjennomsnittslikviditeten for 2016 sett til 850 mill. kr og vidare redusert med 100 mill. kr årleg i planperioden til 550 mill. kr i 2019.

Nye rutinar knytt til renteberekning på ubrukte statsmidlar fører til at ein større del av dei «frie renteinntektene» vert tilført fond. Dette gjeld mellom anna KMD- og INU-midlane. Samla er renter på fondskapitalen rekna til å utgjere mellom 3 og 4 mill. kr i åra 2016-19. I oppsettet under er

desse midlane trekte ut, slik at utifrå nye føresetnader er det renteinntekter til «generell finansiering» av fylkeskommunen som ligg att. Ny prognose for netto renteinntekter vert:

	2016	2017	2018	2019
Ordinære renteinntekter, jf nye føresetnader	12,6	10,4	8,8	8,4
Ordinære renteinntekter, jf gjeldande øk.plan	14,1	12,9	12,1	12,1
Sum endring	-1,5	-2,5	-3,3	-3,7

Tilråding

Ny prognose for rentekompensasjonsordningane vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Det vert føresett ein gjennomsnittslikviditet på 850 mill. kr i 2016. Det vert lagt til grunn ein årleg reduksjon på 100 mill. kr til 2019.

Ny prognose for netto ordinære renteinntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Kapitalutgifter

Kapitalutgifter oppdatert med nye føresetnader

Fylkesrådmannen varsla i sak om økonomiplan 2016-19 (FT-sak 26/15) at nivået for kapitalutgifter ligg høgt i heile perioden. Dette skuldast mellom anna at føresett rentenivå i berekningane har vore for høgt. Som ein følge av dette stipulerte fylkesrådmannen at det var rom innafor budsjetterte kapitalutgifter å gjennomføre ei gjeldssanering i storleiksorden 150 mill. kr fram til utgangen av 2019.

Fylkesrådmannen har no gjennomført ei konkret vurdering av det skisserte handlingsrommet. Vurderinga inneheld tre hovudpunkt:

- Ny metode for uttrekning av kapitalutgifter
- Nye renteføresetnader
- Rullering av investeringsplan for bygg og veg

Ny metode for utrekning av kapitalutgifter

Budsjetteringsmetoden med å nytte faktorane på 1/12 for bygg og 1/17 for veg har ført til at nivået for kapitalutgifter har lege for høgt, spesielt dei første åra i planperioden. I samband med rulleringa av investeringsplanane og nye renteføresetnader har fylkesrådmannen nytt ei ny tilnærming til berekning av kapitalutgiftene. Det vert no gjort utrekningar på den faktiske lånegjelda med gjennomsnittleg 17 og 30 års avdragstid for høvesvis bygg og veg, og dei nye rentesatsane er nytt på heile låneporteføljen.

Forventningane til kva rente vi skal betale på låna våre, er justert ned i samsvar med forventningane Norges Bank har til styringsrenta. Dette medfører ein vesentleg reduksjon i utgiftsnivået i heile perioden.

Det er vidare teke omsyn til endringar i låneopptak som følgje av endringar i investeringsprogramma for bygg og veg. Som tidlegare nemnt har det vore ein del forskyvingar for investeringsprosjekta utover i planperioden. Dette mefører også ei forskyving i tilhøyrande låneopptak, og såleis reduserte kapitalutgifter, i hovudsak i dei første åra i planperioden.

Samla gjev desse justeringane ein vesentleg reduksjon i budsjettet kapitalutgiftsnivå:

	2016	2017	2018	2019
Kapitalutgifter, jf. gjeldande øk. plan	205,5	219,3	217,4	202,3
Kapitalutgifter, etter nye føresetnader	158,5	171,0	174,6	187,4
Sum endring	-47,0	-48,3	-42,8	-14,9

Fylkesrådmannen vil tilrå at denne reduksjonen i kapitalutgiftene, justert for prognostisert svikt i samla renteinntekter, vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

	2016	2017	2018	2019
Endring i nivå for kapitalutgiftene	47,0	48,3	42,8	14,9
Saldering av samla svikt i renteinntektene	-5,7	-9,5	-14,5	-10,0
Rom for gjeldssanering	41,3	38,8	28,3	4,9

Tabellen over viser at rommet for gjeldssanering ligg noko lågare enn føresett i gjeldande økonomiplan. Etter justering for samla svikt i renteinntektene vil det vere rom for å gjeldsanere i storleiksorden 110-115 mill. kr i planperioden. Fylkesrådmannen legg no opp til å uttrykke den prognostiserte gjeldssaneringa årleg utifrå dei nye føresetnadane. Reduksjonen i tilhøyrande kapitalutgifter vert konkretisert tilsvarande.

Kapitalutgiftene i økonomiplanen vart redusert med 10,7 mill. kr i 2019 som følgje av den stipulerte gjeldssaneringa på 150 mill. kr. Denne føresetnaden vert no reversert, og dei prognostiserte årlege innsparingane som følgje av nye føresetnader vert lagt inn.

Effekt av ekstraordinær nedbetaling av gjeld

Ved å nytte reduksjonen i budsjettet netto kapitalutgifter til gjeldssanering vert samla lånegjeld redusert med 110-115 mill. kr i planperioden og tilhøyrande kapitalutgifter redusert med 2,9 mill.kr i 2017 aukande til 7,8 mill. kr i 2019. Ved full effekt i 2020 utgjer innsparinga 8,1 mill. kr årleg.

Augen i lokale inntekter gjev rom for ei gjeldssanering på samla 195 mill. kr i perioden. Det er stor uvisse knytt til desse prognosane. Fylkesrådmannen har difor føresett at gjeldssaneringa vert gjennomført i slutten av det enkelte budsjettår når nivået på utbytta er kjende. Vi vil såleis få full effekt på reduserte kapitalutgifter i 2020 som vil utgjere om lag 14 mill. kr.

Samla opplegg for gjeldssanering medfører slik reduksjon i kapitalutgiftene:

	2016	2017	2018	2019
Kapitalutgifter, etter nye føresetnader	158,5	171,0	174,6	187,4
Reversering føresetnad øk.plan				10,7
Reduksjon i kap. utg. som følgje av budsjettet gjeldssanering		-3,5	-9,4	-16,3
Kap. Utg. etter a-dok 5-15	158,5	167,5	165,2	181,8

Skissert gjeldssanering vil, ved full effekt i 2020, medføre at behovet for å setje i verk utgiftsreduserande tiltak i driftsbudsjettet vert redusert med 22 mill. kr årleg.

Ny rutine for kapitalinntekter og -utgifter

I gjeldande budsjett er det innarbeidd ein rutine for kapitalutgiftene der fylkesrådmannen har høve til å sjå budsjettet for renter og avdrag i samanheng. Ev. meirinntekter og meirutgifter på rentesida vert justert mot den endelege avdragsbetalinga. Dette medfører at endringar i dei årlege kapitalutgiftene ikkje påverkar drifta elles. Fylkesrådmannen har over skissert eit opplegg for ekstra gjeldssanering. Fylkesrådmannen ser det som naturleg at den årlege avsettinga til dette føremålet vert nytta som «buffer» i høve eventuelle endringar i rentenivået i året, både på

renteinntektsida og -utgiftssida. Ei slik rutine gjer at det vert storleiken på ekstraordinær nedbetaling av gjeld som vert variabelen i det enkelte budsjettår, ikkje driftsnivået.

Tilråding:

Nye føresetnader for kapitalutgiftsbelastninga vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Den samla svikten i kapitalinntekter utifra⁹ nye prognosar vert saldert mot budsjettet reduksjon i kapitalutgiftene. Resterande innsparing i kapitalutgiftene i høve gjeldande økonomiplan vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

Fylkesrådmannen får høve til å sjå eventuelle endringar i renteføresetnadane - for både kapitalinntektene og -utgiftene - mot avsettinga til gjeldssanering det enkelte budsjettår.

5 INNSPEL FRÅ SEKTORANE

I dette punktet vert innspela frå sektorane utan hovudutval (forvaltning og tannhelsetenesta) presenterte. Hovudutvalssakene følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg.

5.1 HU-sakene - tilpassing til rammene i 2016

Hovudutvalssakene har som hovudoppgåve å konkretisere detaljbudsjettet for sektorane i 2016. I tillegg vert eventuelle eksterne søknader vurderte, samt tiltak for seinare år som må takast stilling til i 2016 for å sikre føresett innsparing det aktuelle budsjettåret. Fylkesrådmannen har tilpassa det økonomiske opplegget på sektornivå til tilrådingane i hovudutvalssakene. I den grad det er gjort tilrådingar som påverkar rammene til den enkelte sektor, er det eksplisitt omtala i dette arbeidsdokumentet. For nærmere gjennomgang av tilrådingane vert det vist til dei respektive saksframstillingane til hovudutvala. Desse følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg. Hovudutvala sine vedtak i sakene vert lagt fram i finansutvalsmøtet.

Tilråding

Tilrådingane til hovudutvala for sektorane opplæring, plan og næring, kultur og samferdsle vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

5.2 Forvaltning - tilpassing til rammene i 2016

I økonomiplan 2016-19, FT-sak 26/16, er det vedteke følgjande innsparingstiltak innan forvaltning:

Forvaltning	2016	2017	2018	2019
Vidareføring av kortsiktige tiltak	-10,2	-10,5	-10,5	-11,5
<i>Reduksjon av tal fylkestingsrepresentantar</i>	-1,0	-1,0	-1,0	-1,0
<i>Redusert frivillig partistøtte</i>	-0,4			
<i>Redusert løying til disposisjon for utvala</i>	-4,0	-3,7	-3,7	-3,7
<i>Vakanse/reduksjon i tal stillingar i sentraladm.</i>	-3,6	-3,6	-3,6	-3,6
<i>Reduksjon i personalretta tiltak</i>	-2,4	-2,4	-2,4	-2,4
<i>Reduksjon i løvinga til tillitsvalde og verneombod</i>	-0,3	-0,3	-0,3	-0,3
<i>Auka inntekt IKT</i>	-1,0	-1,0	-1,0	-1,0
<i>Auka utgift til innføring og drifting av e-handel</i>	0,2	0,2	0,2	0,2
<i>Reduserte inntekter utleigebygg</i>	0,3	0,3	0,3	0,3
<i>Tidsavgrensa styrking av posten juridisk honorar</i>	2,0	1,0	1,0	0,0
Personsamanfall – råda for eldre/funksjonshemma		-0,1	-0,1	-0,1
Stillingar i sentraladministrasjonen	-4,0	-7,0	-7,0	-7,0
Stilling på kulturminnevern (s-administrasjonen)		-0,7	-0,7	-0,7
0,5 stilling på Næringsavdelinga				-0,4
Innsparing i tråd med KU-sak 59/14	-0,5	-0,4	-0,4	-0,4
Innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreningar				-9,9
	-14,7	-18,7	-18,7	-30,0

Tekstleg omtale av innhaldet i tabellen

Reduksjon i tal representantar i fylkestinget

Tal fylkestingsrepresentantar vert redusert frå 39 til 31. I tillegg vert tal hovudutval redusert frå 4 til 3. I samband med kartlegging av innsparinger på dette området vart det nytta kalkulerte gjennomsnittlege utgifter knytt til kvart ordinære medlem slik (tal frå 2014):

Utgift i gjennomsnitt pr. medlem i fylkestinget for 2014: 95 000 kr.

Utgift i gjennomsnitt pr. medlem i fylkesutvalet for 2014: 330 000 kr.

Utgift i gjennomsnitt pr. medlem i hovudutvala for 2014: 49 000 kr.

2016 vert første driftsåret med ny politisk struktur. Det er førebels lagt inn ei innsparing på 1,0 mill. kr/år i høve denne omlegginga.

Tilskot til dei politiske partia

Den frivillige løyinga til dei politiske partia er teken ned med 0,4 mill. kr i 2016. Reduksjonen er ikkje vidareført.

Løyingar til disposisjon for fylkesutvalet og hovudutvala

Desse løyingane er frie midlar. Nivået på løyingane vart redusert med samla 4,0 mill. kr i 2015. Reduksjonen er i hovudsak vidareført i planperioden.

Stillingar i sentraladministrasjonen

Fylkesrådmannen held nokre stillingar vakante for å ha eit visst handlingsrom for framtidige endringar som følgje av m.a. utgreiingstiltak #57 Sentraladministrasjonen – roller og storleik. Det vart difor lagt inn ei innsparing på 1,5 mill. kr. i 2015, som no er auka til 3,6 mill. kr i 2016.

Denne innsparinga kjem i tillegg til den som vart vedteken i Budsjett 2014/økonomiplan 2014-17, på høvesvis 2, 4 og 7 mill. kr for åra 2015, 2016 og 2017. Denne reduksjonen var heller ikkje relatert til ein reduksjon i oppgåvane.

I tillegg er det føresett reduksjon i sentraladministrasjonen som følge av endra oppgåver på sektornivå med 1 stilling på kulturminnevern fra 2017 og 0,5 stilling på næringsavdelinga fra 2019.

Personalretta tiltak

Løyvinga til personalretta tiltak var i utgangspunktet 7,3 mill. kr i 2015 og femner om fellestiltak for heile organisasjonen, slik som: Opplæring, leiarutvikling, rekrutteringstiltak, kompetanse-kartlegging, hospitering, bedriftshelseteneste og trainee-stillingar.

Det er lagt inn ein reduksjon på 2,4 mill. kr i personalretta tiltak i 2015 og tiltaket er vidareført i planperioden.

Reduksjonen er fordelt slik:

- Opplærings – og utviklingstiltak er redusert med 550 000 kr. til 700 000 kr. Løyvinga har vore nytta til leiarutdanning for pedagogar, masterutdanning i kritiske fag og rekruttering av tannlegar.
- Leiarutvikling er redusert med 450 000 kr til 350 000 kr. Dette medfører ein tilsvarende reduksjon i fellestiltak innan leiarutvikling.
- Vidareutdanning for å kvalifisere til auke i stillingsstorleik er redusert med 250 000 kr til 0 kr. Det har vore liten søknad på desse midlane dei siste åra.
- Hospitering er redusert med 400 000 kr til 200 000 kr. Konsekvensen er ei strammare prioritering av søknadene. Formålet med hospiteringsordninga er å gje arbeidstakarane i fylkeskommunen høve til fagleg fornying og utveksling av erfaring.
- Helse/ miljø/ tryggleik er redusert med 430 000 kr til 200 000 kr. Dei lovpålagde oppgåvene som kurs i arbeidsmiljø vert oppretthaldne.
- Bedriftshelsetenesta vert redusert med 334 000 kr til 1 400 000 kr.

Tillitsvalde og verneombod

Tillitsvalde og verneombod er i tråd med føresetnadane i gjeldande økonomiplan redusert med 0,2 mill. kr i 2015, og 0,3 mill. kr årleg frå 2016.

Interne støtteeininger

Ramma til interne støtteeininger er redusert med netto 0,8 mill. kr frå 2015. Reduksjonen er vidareført i planperioden. Reduksjonen er operasjonalisert slik:

- For IKT-tenesta er inntektene/overføringane auka med 1 mill. kr. til 6,7 mill. kr. som konsekvens av utvida driftssamarbeid med kommunane i Sogn Regionråd innafor skulesektoren, utviding av drift av trådlause nettverk i kommunane og eit samarbeid om drift av nettet til Subsea utdanninga i Florø.
- For innkjøpstenesta er det lagt inn ei auka utgift på 0,2 mill. kr for å finansiere fylkeskommunen sin del (30%) av ny stilling som skal arbeide med innføring og drifting av e-handel saman med kommunane. Kommunane må finansiere resten av utgiftene til stillinga. Dette er eit effektiviseringstiltak som etter kvart vil gi innsparinger ved innkjøp av varer og tenester.

Reduserte inntekter i samband med sal av utleigebustader

Fylkeskommunen eig 10 tenestebustader på Leikanger. Det eine rekkehuset med 4 husvære kan seljast og dette kan gi ei netto salsinntekt på 4-6 mill. kr. Netto leigeinntekter er redusert med 0,3 mill. kr. Salsinntekta skal gå til gjeldssanering og vert først budsjettert inn når salet er realisert.

Juridisk honorar

Posten juridisk honorar omfattar også utgifter til utgreiingar og prosjektarbeid. I samband med budsjettet for 2015 vart denne posten styrka med 2,0 mill. kr i åra 2015 og 2016, redusert til 1 mill. kr i åra 2017 og 2018. Styrkinga fell vekk frå 2019.

Fylkesrådet for eldre og Fylkesrådet for personar med nedsett funksjonsevne

Innsparingstiltaka som låg inne i økonomiplanen for 2016-19 tok høgde for fylkesrådmannen si tilråding om personsamanfall i dei to råda (saka gjekk parallelt med økonomiplanen i juni 2016). Fylkesrådmannen si tilråding fekk ikkje fleirtal, men tilhøyrande innspARING vart ikkje teken ut av økonomiplanen. Det ligg difor framleis eit innsparingstiltak på 0,1 mill. kr på råda sitt driftsbudsjett. Fylkesrådmannen finn ikkje dette kuttet realistisk å gjennomføre. Kravet vert difor flytta frå råda til innsparingskravet mot ikkje ferdige utgreiingar frå 2017.

Kontrollutvalet

Kontrollorgana inngår som ein del av sektoren forvaltning. Innsparingstiltaka som er lagt inn i tabellen over er i tråd med Kontrollutvalet sitt eige innspel til økonomiplan 2016-19. Kontrollutvalet har – tråd med vanleg praksis – vurdert budsjetttrammene og kome med eige framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Framlegget er omtala i eige punkt i dette arbeidsdokumentet.

Resterande innsparingskrav mot ikkje ferdige utgreiingar

Etter gjennomføring av desse innsparingstiltaka gjenstår det eit innsparingskrav mot forvaltning på 10 mill. kr årleg frå 2019. Dette kravet må sjåast i samanheng med dei ikkje ferdigstilte utgreiingane. For nærmare omtale av desse, vert det vist økonomiplanen vedteken i juni 2016, samt til eige punkt i dette arbeidsdokumentet.

Tilråding

Fylkesrådmannen sine tilrådingar til konkretisering av innsparingstiltaka for sektoren forvaltning vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

5.1 Tannhelse – skisse for tilpassing til rammene i 2016

Tannhelsesektoren disponerer eit netto budsjett på om lag 80 mill. kr/år i åra 2015-18. I gjeldande økonomiplan er det vedteke at den kortsiktige tilpassinga med nedtak av ramma for 2015 med 3 mill. kr skal vidareførast for året 2016. Den langsiktige tilpassinga frå 2017 føreset ein reduksjon av den årlege ramma på 11 mill. kr. Det er her i gang eit utgreiingsarbeid som ser på strukturen for heile tannhelsesektoren. Utgreiinga vil inngå som ein del av arbeidet med økonomiplanen som skal vedtakast av fylkestinget i juni 2016.

Tannhelsetenesta har to programområde 660 - fellesfunksjonar og 665 - pasientbehandling. Programområde 660 er knytt til administrative fellesfunksjonar for tannhelsetenesta, drift av elektronisk pasientjournal, medlemsavgift i Norsk HelseNett (NHN) og personalutvikling.

Programområde 665 omfattar utgifter til drift av tannklinikkar samt utgifter til service og drift av teknisk utstyr på tannklinikkane.

Budsjett 2016

Tidlegare har det vore budjettert med eit snitt på 3 vakante tannlegestillingar pga. problem med rekruttering. Dette har endra seg, og vi har no tilnærma full bemanning utanom svangerskapspermisjonar. Dei fleste tannlegane vi har rekruttert og tilsett dei siste åra er unge kvinner, og det er det til ei kvar tid nokre ute i svangerskapspermisjon. For 2016 vil det vere 2,4 stillingar vakante.

Innsparingstiltaka som vart sett i verk i budsjett 2015 er føresett vidareførte i 2016. Tiltaka er stort sett reversible, men kan og inngå i utgreiingsramma på 11 mill. kr til 2019. Det er uproblematisk å reversere tiltaka på eit seinare tidspunkt. Dei aktuelle tiltaka er lista opp under dei respektive programområda.

Vidareføring av innsparingstiltak for 2015

Programområde 600 Fellesfunksjonar

Seie opp husleigeavtalar

Innsparingar som følgje av oppsagde husleigeavtalar fom 1.1.2015 gjev ei årleg innsparing på 0,120 mill. kr. Denne vert automatisk vidareført for dei påfølgjande åra.

Reduksjon felles personaltiltak

Redusere rammer for gjennomføring av personalsamling i tannhelsetenesta også i 2016. Samla innsparing 0,100 mill. kr.

Reduksjon fellesutgifter

Vidareføring av utgiftsreduksjonen på reise og kurs for alle klinikkar og administrasjon med 0,070 mill. kr.

Programområde 665 pasientbehandling

Halde stillingar vakante ved naturleg avgang

Vidareføring av vakanse i 2,4 tannlegestillingar. Prioritert klientell som fell inn under desse stillingane vil få tilbod ved sin vanlege tannklinik gjennom ambulering frå naboklinikkar. Med fråtrekk for inntening, reiseutgifter for pasientar og utgifter til ambulering frå andre klinikkar er innsparingspotensialet for 2016 0,720 mill. kr.

Vidareføring av vakanse i 0,5 tannpleiarstilling og 0,8 tannhelsesekretær. Samla innsparing 0,590 mill. kr.

Redusert vedlikehald

I samband med utgreiing av framtidig struktur i tannhelsetenesta vert vedlikehaldet på små klinikkar halde på eit minimum. Dette er vedlikehald på utstyr, inventar og bygg som kan utsetjast utan at det får store konsekvensar for drift. Samla innsparing 0,200 mill. kr.

Auke klinisk produksjon

Effektivisere folkehelsearbeidet. Samla innsparing 0,100 mill. kr.

Reduksjon personaltiltak

Endring i bruk av kursmidlar. Vidarefører reduksjonen av ordninga med kursmidlar i tannhelsetenesta slik at midlane ikkje lenger er personlege, men ligg klinikkvise. Samla innsparing årleg på 0,300 mill. kr.

Takstauke

Det vert lagt opp til normal prisstigning på behandling av betalande pasientar. Dette tilseier at effekten av den ekstraordinære prisstigninga i 2015 på 5 % utover normal prisstigning (3,5 %) vil vere om lag 0,800 mill. kr også for 2016.

I tillegg til vidareføring av innsparingstiltaka i 2015 legg tannhelsesektoren opp til å framskunde 2,350 mill. kr av innsparingskravet som ligg på sektoren frå 2017 på 5,5 mill. kr, aukande til 11 mill. kr frå 2018. Dette tilseier at det gjenstår samla 5,650 mill. kr av innsparingskravet knytt til ikkje ferdigstilte utgreiingar på sektoren.

Nye innsparingstiltak for 2016

Programområde 660 Fellesfunksjonar

Vakant stilling og naturleg avgang

Innsparing som følgje av vakant stilling og naturleg avgang. Samla innsparing 1,0 mill. kr.

Reduksjon fellesutgifter

Redusere kontorutgifter og fellesutgifter. Samla årleg innsparing 0,215 mill. kr

Programområde 665 Pasientbehandling

Halde stillinger vakante ved naturleg avgang

Heilårseffekt naturleg avgang tannlegar og tannhelsesekretær i 2015 Desse stillingane kan haldast vakante. innsparingspotensialet for 2016 er 0,760 mill. kr.

Rekruttering og stabiliseringstiltak tannlegar

Vi har over ein lenger periode hatt tiltak for å rekruttere tannlegar til Sogn og Fjordane. Rekrutteringssituasjonen har endra seg dei siste to åra og tiltaka vert vurdert å ikkje vere naudsynt i den situasjonen vi no er i. Situasjonen kan likevel endre seg og det vil kunne vere naudsynt å ta inn igjen desse tiltaka på eit seinare tidspunkt. Innsparingskravet vil då auke tilsvarende.

Samla innsparing 0,320 mill. kr.

Seie opp husleigeavtalar

Lager for dentalverkstaden vert flytta til fylkeshuset. Innsparing 0,025 mill. kr.

Vidareføring av tiltak for 2015 og nye tiltak for 2016 vert oppsummert i følgjande tabell:

Innsparingstiltak	Innsparing i mill. kr
<u>Programområde 660 – fellesfunksjonar</u>	
Seie opp husleigeavtalar	0,120
Redusert vedlikehald	0,200
Endring bruk av kursmidlar	0,070
Innsparing kvalitesrådgjevar/ rådgjevar folkehelse	1,000
Fellesutgifter	0,215
<u>Programområde 665 –pasientbehandling</u>	
Naturleg avgang – vidareføring av vakante stillingar	2,070
Auke klinisk produksjon	0,100
Reduksjon personaltiltak	0,400
Ekstraordinær takstauke i 2015	0,800
Rekruttering og stabiliseringstiltak tannlegar	0,320
Husleige Dentalverkstad	0,025
Innsparing totalt	5,320

Tilråding

Fylkesrådmannen si konkretisering av innsparingstiltaka på tannhelsesektoren for budsjettåret 2016 vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

6 ANDRE BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANRELATERTE SAKER

6.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett/økonomiplan

Kontrollutvalet har i sak 34/15 vedteke sitt framlegg til budsjett/økonomiplan for kontrollorgana. Saksframstilling og saksprotokoll følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg. Framlegget er vedteke innafor den gjeldande ramma, men kontrollutvalet ber om at ramma for 2016 og 2017 vert auka med 0,1 mill. kr til opplæring av utvalet.

I budsjettframlegget er det avsett 0,050 mill. kr til opplæring av utvalet i 2016. I førre økonomiplan låg det inne 0,150 mill. kr til føremålet, men utvalet reduserte posten med 0,1 mill. kr som ein del av sitt innspel til reduksjonstiltak i gjeldande økonomiplan.

Leiaren i kontrollutvalet har uttrykt at han ynskjer å møte på finansutvalsmøtet 30.09.

Tilråding

Finansutvalet tek innspela frå kontrollutvalet til vitande. Dei økonomiske konsekvensane av budsjetttilrådinga vert å innarbeide i framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

6.2 Fordeling av auka tapskompensasjon i 2015 – kva skjer vidare?

Som ein del av revidert nasjonalbudsjett for 2015 vedtok Stortinget å auke tapskompensasjonen i samband med nytt inntektssystem med ytterlegare 10 mill. kr.

Vi trudde at desse midlane ville bli fordelt på fylkeskommunane etter same fordelingsnøkkelen som vart nytta på tilleggskompensasjonen på 60 mill. kr som vart løyvd i samband med statsbudsjettet i 2015. Dette ville i så fall gje oss ei auka løvying på 3,750 mill. kr. Endeleg fordeling av midlane viser at vi får berre 0,965 mill. kr, jf. vedlagte brev frå KMD.

I tabellen under viser fylkesrådmannen verknaden av den fordelinga departementet no legg opp til:

Fylker	Justert systemverknad inkl. komp.nivå i st.bud 2015		Fordeling av auka tapskomp. RNB 10 mill. kr		Justert systemverknad inkl. komp.nivå i st.bud og RNB 2015	
	pr. innb	1000-kr	pr. innb	1000-kr	pr. innb	1000-kr
SOGN OG FJORDANE	-2 063	-224 877	9	965	-2 055	-223 912
NORDLAND	-944	-227 958	4	978	-940	-226 980
NORD- TRØNDELAG	-722	-97 798	3	420	-719	-97 378
HEDMARK	-594	-115 703	23	4 507	-571	-111 196
TROMS	-493	-80 383	19	3 131	-474	-77 252

Vi ser her at departementet nytta 2,4 mill. kr på dei tre fylka som taper mest pr. innbyggjar ved omlegging til nytt inntektssystem, medan heile 7,6 mill. kr av den auka tapskompensasjonen vart nytta mot dei to fylka som taper nest mest. Fylkesrådmannen har grunn til å tru at dette ikkje var intensjonen då tapskompensasjonen vart heva i RNB.

Grunnen til at vi får dette utslaget ligg i at departementet tek utgangspunkt i kor stor del av førsteårstapet (pr. innbyggjar) kvart fylke alt har fått dekka inn gjennom tapskompensasjonen. Dei løftar så dei som taper meir enn 700 kr/innbyggjar opp på eit kompensasjonsnivå på 98,6% av førsteårstapet. Resterande midlar vert nytta til gruppa som taper mellom 500-700 kr/innbyggjar.

Problemet med denne tilnærminga er at det ikkje vert teke omsyn til det samla tapet i innførings-perioden. Vårt tap vert mellom anna trappa opp med over 50 mill. kr kvart år i planperioden.

Skal departementet si tilnærming kunne forsvarast, må det ligge til grunn ein føresetnad om at den årlege tapskompensasjonen vert trappa opp i takt med innføringa av nytt system. Men sjølv med ein slik føresetnad vil fylkesrådmannen hevde at dette er ein lite rasjonell måte å fordele tapskompensasjonen på, sett frå «taparfylka» sin ståstad.

Fylkesrådmannen legg til grunn at det politiske arbeidet for å få heva tapskompensasjonen held fram, og at vi som følge av det kan rekne med ein auke i tapskompensasjonen tilsvarannde den vi fekk i statsbudsjettet for 2015.

Vi kjem attende til budsjettering av rammetilskotet i etterkant av statsbudsjettet som vert lagt fram 7. oktober.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om fordeling av auka tapskompensasjon i 2015 til vitande.

Det politiske arbeidet for å få heve den årlege tapskompensasjonen må halde fram.

6.3 Pensjonsutgifter

Dei siste åra har det vore ein auke i utgiftene til pensjon for fylkeskommunen. Dette har fleire årsaker. M.a. har reallønsveksten generelt i Noreg vore på eit høgt nivå – samstundes som rentenivået har gått nedover og medført at selskapa har generert lågare avkastning på midlane dei skal forvalte.

Fylkesrådmannen ser no at denne utgiftsauken er i ferd med å «bremse opp». Forventningar om moderate lønsoppgjer og justering i pensjonsordningane er bakgrunn for dette. Prognosene for 2016 tilseier at budsjettet ligg noko høgt. Utviklinga på lengre sikt er det knytt uvisse til.

Det er budsjettet med ein ufordelt pott til pensjon på 6,2 mill. kr årleg i planperioden. Dette har vore med utgangspunkt i eit forventa høgare utgiftsnivå enn dagens prognosar tilseier. Med grunnlag i dette tilår fylkesrådmannen at budsjettet til pensjon vert redusert årleg med 6,2 mill. kr.

Tilråding

Samla utgifter til pensjon vert redusert med 6,2 mill. kr. Dette er tilsvarende ufordelt pott til føremålet.

6.4 Avkorting av MVA-kompensasjon 4.termin 2013 – Avslag på klage

FU fekk i møtet 29.01.14 orientering om at Skatt Vest hadde avkortet fylkeskommunen sin MVA-kompensasjon for 4. termin 2013 med 14,9 mill. kr. Avkortingen var grunngjeven med heimel i foreldingsparagrafen i MVA-kompensasjonslova.

Avkortingane er knytt til at Statens Vegvesen har rapportert nokre faktura for seint til oss og at dei har feilhandsama ei mva-oppgåve - med det som følgje at kompensasjonskravet var forelda når vi fekk det i hende.

Fylkesrådmannen har gått fleire rundar mot skattemyndighetene i denne saka, i siste instans har no Skattedirektoratet vurdert ein klage. Deira svarbrev følgjer arbeidsdokumentet som vedlegg.

Hovudgrunngjevinga for vår klage ligg i sams vegadministrasjon og arbeidsfordelinga mellom fylkeskommunen og Statens vegvesen. Det er uråd for fylkeskommunen å få kjennskap til kompensasjonsgrunnlaget før Statens vegvesen tek faktura med i sine rapportar til oss. Som fylkeskommune kan vi berre innrapportere det staten v/vegvesenet overleverar oss. Det er såleis høgst urimeleg at fylkeskommunen skal verte økonomisk skadelidande grunna tilhøve som ligg utanfor vår kontroll.

Ut frå dette hevda vi at Skatt Vest burde rekne foreldingsfristen frå fylkeskommunen fekk kjennskap til kompensasjonsgrunnlaget.

Vi har no fått endeleg avslag på klagen. Avslaget vert grunngjeve i at:

- Foreldingsfristen på kompensasjonskravet er lovfesta, og ufråvikeleg.
- Årsaka til foreldinga er aleine eit tilhøve mellom Statens vegvesen (SVV) og oss.

Vi har også teke opp problemstillinga med stortingsbenken med sikte på å få endre det gjeldande regelverket. På dette spørsmålet svarar direktoratet følgjande:

«De strenge fristene for foreldelse når det gjelder de kompensasjonsberettigede i kompensasjonsloven § 2 første ledd bokstav a, har ikke bare sin bakgrunn i forutberegnelighet med hensyn til de kompensasjonskrav som fremsettes fra kommunesektoren,.... Foreldelsesreglene i kompensasjonsloven er ufravikelige også av hensyn til en effektiv forvaltning.

.....For øvrig er Finansdepartementet kjent med argumentene fra kommunene og fylkeskommunene mot den korte foreldelsesfristen i kompensasjonsloven. Vi gjør oppmerksom på at Finansdepartementet i høringsnotat av 21. november 2014 til ny skaffeforvaltningslov har foreslått å videreføre gjeldende foreldelsesfrister for kommuner og fylkeskommuner»

Dette tilseier at påverknadsarbeidet for endring av regelverket ikkje har nådd fram.

Det økonomiske tapet som følge av denne saka vart vedteke finansiert og rekneskapsført rekneskapen for 2014. Fylkesrådmannen vil likevel tilrå at vi no vender oss mot SVV for å avklare kva ansvar dei tek i denne saka, og for om mogleg få dekka inn deler at dette tapet. Ei slik avklaring vil også vere viktig i høve til ansvarsdelinga i slike saker framover.

Avslutningsvis må fylkesrådmannen få uttrykke at han finn skattemyndighetene si grunngjeving for avslag på søknaden noko spesiell. Avslaget kjem over 1 ½ år etter vi sende klagen, likevel nyttar Skattedirektoratet omsynet til effektiv forvaltning som sitt hovudargument for avslag.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om avslag på klagen om avkorting av mva-kompensasjonen for 4. termin 2013 til vitande.

Det vert arbeidd vidare mot SVV med tanke på å avklare ansvarstilhøva i denne saka.

6.5 Gjennomføring av vedteken skulebruksplan

Informasjonssystem (GSI) er nytta som grunnlag for dimensjonering av elevtal inn i vidaregående opplæring i perioden 2014-16. I arbeidet nytta ein GSI-tal for skuleåret 2011-2012 som grunnlag for elevtalsutviklinga. På det tidspunktet var nedgangen i tal elevar inn i vidaregående opplæring fram til 2021 betydeleg. GSI-tala som er publiserte i åra etter syner ein mindre nedgang i tal elevar frå grunnskulen. Endringa frå 2011 til 2014 er om lag 170 fleire elevar. Dette skuldast innflytting til fylket, noko som er særskilt positivt i seg sjølv. Samstundes endrar dette føresetnadane for den økonomiske ramma til opplæringssektoren.

Det er i økonomiplanen lagt til grunn at tal grupper, som følgje av elevtalsreduksjonen, skal reduserast med 26 i perioden 2014-2016. Det vart sett i verk ein reduksjon på netto ni grupper for skuleåret 2015/16. Det står då att eit nedtak i høve gjeldande føresetnader på 17 grupper dei to komande skuleåra.

Ut i frå dei sist publiserte GSI-tala meiner fylkesrådmannen at det ikkje vil vere mogleg å redusere gruppetalet med meir enn maksimalt 11 grupper skuleåret 2016-2017 og ytterlegare to grupper frå skuleåret 2017-18. Dette fører til at rammene for opplæring må ta høgde for drift av fem grupper meir enn føresett i gjeldande planrammer.

I hovudutvalssaka er det innstilt på omdisponeringar i sektoren som gir ein netto salderingseffekt på 0,8 mill. kr i 2016, 0,7 mill. kr i 2017 og 0,8 mill. kr årleg i 2018-19. Denne innsparinga blir brukt som delfinansiering for auka kostnad til drift av opplæringsstilbodet. Fylkesrådmannen tilrå som følgje av dette at den økonomiske ramma for opplæringssektoren auka med 3,0 mill. kr for 2016. Auka behov på 6,2 mill. kr for åra deretter får status som urealisert innsparingskrav på sektoren.

Tilråding

Ramma til opplæring vert auka med 3,0 mill. kr i 2016 og 7,1 mill. kr i 2017 for å møte auka elevtal i høve gjeldande føresetnader. Auka behov dei påfølgjande åra får status som urealisert innsparingskrav på sektoren.

6.6 Skulebruksplanen - Krav om oppfylling i grupper

I punkt 6 i skulebruksplanvedtaket (FT-sak 26/13) heiter det:

«Det er ei målsetjing at oppfyllingsgraden skal vere så høg som mogleg. Det skal vere minimum 8 søkjrarar med ungdomsrett i kvar gruppe på yrkesfaglege utdanningsprogram og minimum 20 søkjrarar med ungdomsrett i kvar gruppe på studieførebuande utdanningsprogram frå skuleåret 2014/15.»

I budsjettreglementet, vedteke i FT-sak 55/13, heiter det m.a.:

HO kan innanfor den økonomiske ramma til opplæringstilbodet gjere unntak frå vedtak i fylkestingssak 26/13 pkt. 6 om oppfyllingskrav.

I saka om justering av opplæringstilbodet for skuleåret 2015-2016, HO-sak 8/15, vedtok HO å setje i gang seks grupper med lågare oppfyllingsgrad enn vedteke i saka om skulebruksplanen (FT-sak 26/13). Dette vart løyst innanfor dei økonomiske rammene til hovudutvalet og er såleis i samsvar med fullmakta i budsjettreglementet. Bakgrunnen for at dette var mogleg, var at tal søkjrarar til vidaregående opplæring var lågare enn føresett i budsjettet og at den økonomiske ramma difor gav rom for å oppretthalde grupper med låg oppfylling. Vedtaket gav fylkeskommunen ein meirkostnad på om lag 8,5 mill. kr. Slik fylkesrådmannen ser det er dette ein utilsikta konsekvens av delegering av fullmakta til å gjere unntak. Som følgje av den økonomiske situasjonen fylkeskommunen er i og for å få vurdert bruken av eventuelle ekstra midlar i samband med å gjere unntak frå oppfyllingskravet, når fylkesrådmannen til at unntaksfullmakta fell bort.

Tilråding

HO si fullmakt i budsjettreglementet til å gjere unntak frå vedtak i fylkestingssak 26/13 pkt. 6. om oppfyllingskrav vert teken bort.

6.7 Gjennomføring av «personaltunge» innsparingstiltak i opplæringssektoren

Under teneste 5201 pedagogiske fellesutgifter er det sett av midlar til omstillingstiltak for pedagogisk personale. Det har i økonomiplanarbeidet dei siste åra ved fleire høve vore omtala at det er stor uvisse knytt til behovet for omstillingsmidlar. Fylkesrådmannen har ikkje før no vurdert det samla behovet for omstillingsmidlar knytt til både oppfølging av vedtaket om skulebruksplan og reduksjonar som følgje av gjennomføring av kortsiktige innsparingstiltak i perioden 2016-2019.

Gjennomføringa av vedteken skulebruksplan med ein reduksjon i talet grupper medfører ein reduksjon på tal tilsette med om lag 20 årsverk i 2016. Økonomiplanen legg òg til grunn ei årleg innsparing på drifta av dei vidaregåande skulane hausten 2016, med ein heilårseffekt på 18,1 mill. kr frå 2017. Som følgje av dette er det grunn til å forvente eit overtal på 30-40 pedagogar.

Ved å gjennomføre begge desse innsparingane same år vil ein få ei opphoping av overtallige. Dette gjer det vanskeleg for fylkeskommunen som arbeidsgivar å finne løysingar for dei tilsette gjennom omplassering og ved naturleg avgang. Fylkesrådmannen rår difor til at ein omdisponerer 5,5 mill kr i 2016 og 6,5 mill. kr i 2017 frå midlar til omstillingstiltak for pedagogisk personale (520) til økonomiske rammer for drift av dei vidaregåande skulane (521-532). Dette betyr at ein utset iverksetting av den delen av innsparingskravet som er knytt til «oppbygging av faga i arbeidsåret» med eitt år.

Tilråding

Den delen av innsparingstiltaket knytt til drifta av dei vidaregåande skulane som er knytt til oppbygging av faga i arbeidsåret vert forskyvd med eitt år.

Redusert innsparing i 2016 og 2017 vert dekka inn ved å omdisponere omdisponere 5,5 mill. kr i 2016 og 6,5 mill. kr i 2017 frå «omstillingstiltak for pedagogisk personale» til «drift av dei vidaregåande skulane».

6.8 Musea i Sogn og Fjordane – nedtrapping av fylkeskommunalt tilskot

Som ein del av budsjett 2014/økonomiplan 2014-17 vart det vedteke å få til ein ny, fast finansieringsavtale mellom Musea i Sogn og Fjordane (MiSF), kommunane og fylkeskommunen. Målet med reforhandlinga var at kommunane frå og med 2017 skulle bidra med 15% av tilskotet, fylkeskommunen med 25% og staten med sine 60%.

I tråd med forventa effekt av denne tilpassinga, vart det fylkeskommunale tilskotet til musea trappa ned i økonomiplanperioden med 1,1 mill. kr i 2015, aukande til 2,1 mill. kr i 2016 og 3,1 mill. kr frå 2017. Intensjonen var at kommunane skulle trappe opp sitt tilskot tilsvarende, og at den økonomiske effekten for MiSF skulle vere nøytral.

Arbeidet med å framforhandle ein ny avtale med kommunane har vist seg å vere vanskeleg, og fylkesrådmannen ser at det er naudsynt å gjere ei viss justering av føresetnadane for å kome fram til ein omforent avtale.

MiSF fekk i tråd med føresetnadane kutta tilskotet frå fylkeskommunen med 1,1 mill. kr i 2015. Kommunane har ikkje heva sitt tilskot tilsvarende dette året. Musea har dekka dette inn ved å gjennomføre innsparingstiltak i eigen organisasjon. Musea er klåre på at det vert svært vanskeleg å ta ytterlegare reduksjonar, av di desse reduksjonane i verste fall vil medføre bortfall av stats-tilskot på sikt. Staten vil neppe over tid finansiere meir enn 60% av det samla tilskotet til musea.

Kommunane si forhandlingsgruppe har i utgangspunktet akseptert at dei må inn med meir midlar, men hadde sett ei øvre grense på samla 1 mill. kr årleg. Alle er samde om at musea ikkje bør påleggast eit større innsparingskrav enn det dei no har effektuert. Med bakgrunn i dette er det semje om å legge følgjande skisse til grunn for det vidare arbeidet:

	2015	2016	2017	2018	2019
Vedteken reduksjon i gjeldande budsj/øk.plan	1,1	2,1	3,1	3,1	3,1
Innsparingar i regi av MiSF vert vidareført	-1,1	-1,1	-1,1	-1,1	-1,1
Bidrag frå kommunane			-1,5	-1,5	-1,5
Auka fylkeskom. tilskot (redusert innsparing)	0	1	0,5	0,5	0,5
Nedjustert reduksjon i fylkeskom. tilskot til musea	1,1	1,1	2,6	2,6	2,6

Skissa inneber at:

- innsparingane som MiSF har sett i verk i 2015 vert vidareført
- fylkeskommunen trappar ikkje opp rammereduksjonen som føresett i 2016.
- kommunane nyttar 2016 til å samle seg om å auke tilskotet til musea med 1,5 mill. kr årleg frå 2017.
- Fylkeskommunen legg den samla årlege reduksjonen frå 2017 på 2,6 mill. kr

Den fylkeskommunale løyvinga til MiSF må som følgje av ei slik tilnærming aukast med 1 mill. kr i 2016, og 0,5 mill. kr årleg for åra deretter. Fylkesrådmannen tilrår at kultursektoren si ramme vert styrka med 1 mill. kr i 2016, medan den årlege auken i tilskot på 0,5 mill. kr for åra deretter får status som urealisert innsparingskrav på sektoren.

Tilråding

Ramma til kultursektoren vert auka med 1,0 mill. kr i 2016, medan den årlege auken i tilskot på 0,5 mill. kr årleg for åra deretter får status som urealisert innsparingskrav på sektoren.

6.9 Feil i ramma på kultursektoren i 2016

I samband med fastsetting av sektorrammene i økonomiplan 2016-19 er nokre kortsiktige tiltak rekna inn to gonger. Dette medfører at kulturramma er redusert med 3,7 mill. kr for mykje i 2016. Fylkesrådmannen rettar no denne feilen og tilrår å auke ramma til kultur med 3,7 mill. kr i 2016.

Dette til orientering.

6.10 Endring i kontoplan og løyvingar som følgje av ny politisk struktur

Kontoplanen må justerast i tråd med dei endringar som no skal gjennomførast på politisk side (3 hovudutval mv). Fylkesrådmannen tek sikte på å legge inn naudsynte endringar i samband med ferdigstillinga av finansutvalet sitt framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Dette til orientering.

6.11 FT-sak om plan for tunnelrehabilitering – rammer for prioritering

Det har over tid vorte mykje forfall på tunnelane på fylkesvegnettet samanlikna med tilrådd standard for drift og vedlikehald. Med bakgrunn i dette har Statens vegvesen fått i oppdrag å lage ein samla plan for rehabilitering av tunnelane på fylkesvegnettet. Planen skal innehalde ei prioritering av kva tunnelar som bør takast først, samt syne ulike nivå for utbetring i forhold til tunnellsikkerheitsforskrifta for fylkesveg, elektroforskrift, behov for strukturelle tiltak med meir. Tunnellsikkerheitsforskrifta tok til å gjelde for fylkesveg 1. januar 2015. Føremålet med forskriftena er å definere lågast tillate sikkerheitsnivå for å førebygge kritiske hendingar som kan sette menneskeliv, miljø og tunnelanlegg i fare og å sørge for vern i tilfelle ulukker. Utbetring av tunnelar for å oppfylle krava i forskriftena skal gjerast etter ein tidsplan og skal vera fullført innan 1. januar 2020. Fylkeskommunar med stor tunnelmasse kan etter søknad til Vegdirektoratet få forlenga frist med inntil fem år. Alle tunnelane på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane som vert omfatta av tunnellsikkerheitsforskrifta må etter dette vera oppgradert seinast innan 2025, føresett at vi søker om og får forlenga frist.

Som ein del av arbeidet med Nasjonal transportplan (NTP) for 2014 – 2023 gjorde Statens vegvesen ei kartlegging av kor mykje det vil koste å fjerne forfallet på fylkesvegnettet i 2013. Her kom dei fram til at det vil koste om lag 2,6 mrd. 2012-kr (2,85 mrd. 2015-kr) inkl. mva. å fjerne forfall og gjere naudsynt oppgradering av tunnelane på fylkesvegnettet. Desse tala er basert på 134 tunnelar med samla lengde 87,3 km. Det er pr. i dag 142 med samla lengde 97,8 km tunnelar på fylkesvegnettet i Sogn og Fjordane. Då ein del tunnelar er delvis utbетra sidan grunnlaget for forfallsregistreringa låg til grunn i 2013, kan ikkje tala samanliknast direkte.

Fylkesrådmannen tek sikte på å leggje fram ei sak om tunnelrehabilitering til fylkestinget i desember 2015. I saka må fylkestinget ta stilling til kva nivå fylkeskommunen skal leggje til grunn for tunnelrehabiliteringa i perioden 2016-2024.

Det vil vere mykje å spare på å samkøyre anna rehabilitering i tunnelane samtidig som vi må gjere nødvendig utbetring for å møte krava i tunnellsikkerheitsforskrifta. Fylkesrådmannen legg difor opp til at tunnelforfallet skal ha prioritet i perioden fram til 2024.

Føresett at forfallet ikkje skal auke på det øvrige vegnettet vil vi med dagens rammeføresetnader kunne finansiere inntil 1,4 mrd. kr til tunnelrehabilitering i perioden 2016-24, jf. tabellen under.

Område	2016	2017	2018	2019	2020-24	Sum 2016-24
Drift	200	200	200	200	1000	1800
Vedlikehald						0
Bru	40	35	30	30	150	285
Dekke	30	80	80	80	400	670
Utstyr	63	70	70	70	350	623
Tunnel	180	164	205	192	636	1377
Sum (brutto)	513	549	585	572	2536	4755

I statsbudsjettet for 2015 fekk vi ei særslig løyvinga knytt til tunnelsikkerheitsforskrifta på 64,8 mill. kr årleg i perioden 2015-2019. Dersom løyvinga vert vidareført i perioden 2020-24 vil inntektene våre auke med om lag 320 mill. kr i høve dei føresetnadane vi har lagt til grunn for denne perioden. Dette vil i såfall bety at vi vil kunne finansiere inntil 1,7 mrd. kr til tunnelrehabilitering.

Fylkesrådmannen meiner Statens vegvesen i planen for tunnelrehabilitering må vurdere konsekvensar ved nivå for utbetring ved løyvingsnivå på 1,4 mrd. kr og 1,7 mrd. kr. Planen bør også syne minimumskostnader for å oppfylle tunnelsikkerheitsforskrifta, samt syne kostnader med full utbetring etter faglege tilrådingar knytt til andre sikkerheitsfunksjonar og strukturelle tiltak. Ein føresetnad i alle alternativa må vere at tunnelane skal vere godkjent i høve til tunnelsikkerheitsforskrifta innan 2024.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

6.12 Utvinning av rutil frå Engebø-fjellet – fylkeskommunal medverknad

Fylkeskommunen har lagt til rette for utvinning av rutil frå Engebø-fjellet gjennom lovnad om opprusting av vegen til Engebø. Her er det inngått ein juridisk bindande avtale med Nordic Mining. Det vart også inngått intensjonsavtale med kommunane Naustdal og Askvoll om fylkeskommunal deltaking i ei inkubatorsatsing, tilsvarande 15 mill. kr samla over tre år. Fylkeskommunen sin økonomi har i ettertid vorte forverra, og i 2014 vart det slege fast at fylkeskommunen ikkje er juridisk bunden av denne avtalen.

Finansutvalet har tidlegare gitt administrasjonen i oppdrag å senke forventningane til det fylkeskommunale bidraget innan næringsutvikling, og i vedteke budsjett dokument for 2015 står det at fylkeskommunen ikkje lenger kan følgje opp intensjonen om dei nemnde 15 mill. kr til inkubatoraktivitet.

Administrasjonen har i fleire høve vore i kontakt med kommunane Naustdal og Askvoll, og indirekte Nordic Mining om denne saka. Det er i denne samanhengen uttrykt vilje til å bidra med råd og rettleiing. Det er også formidla at økonomisk støtte kan vere aktuell i samband med gode einskildprosjekt når desse ligg føre, men då under føresetnad av at dei økonomiske rammene tillet ei slik satsing.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa om administrasjonen sine kontaktar mot miljøet rundt Engebø-satsinga til vitande.

7 SALDERING AV BUDSJETT 2016/ØKONOMIPLAN 2016-19

7.1 Tilbakeføring av sluttSalderinga i økonomiplan 2016-19

I tråd med vanleg praksis vart økonomiplan 2016-19 teknisk sluttSalder mot fond. For å få eit rett bilet av salderingssituasjonen må denne sluttSalderinga no reverserast.

Salderinga innebar eit overskot på 52,5 mill. kr i 2016, eit underskot på om lag 17 mill. kr for kvart av åra 2017 og 2018, medan 2019 var nær i balanse.

7.2 Innsparringsambisjonen på sektornivå

I budsjett 2015/økonomiplan 2016 (17-18) vart det lagt opp at sektorane skulle gjennomføre utgreiingar tilsvarende tildelte utgreiingsrammer. Samla utgreiingsramme var sett til 287 mill. kr, fordelt som vist i tabellen under. Hovudutvala fekk høve til å spele inn kva utgreiingar som skulle gjennomførast på eigen sektor. Våren 2015 har dette arbeidet hatt prioritet i administrasjonen, og 6. mai vart det rapportert på 40 av samla 57 politisk tinga utgreiingar. Dei ferdige utgreiingane vurderer eit økonomisk potensiale på omlag 180 mill. kr.

Tabellen under viser kor store innsparinger som er lagt på den enkelte sektor, sett i høve til den utgreiingsramma som låg på sektoren. Tabellen viser også at det er opplæring og samferdsle som har størst potensiale for ytterlegare reduksjonar – om dette vert naudsynt.

	Utgreiings-ramme	Nedjustering i øk.plan 2016-19	Ikkje nytta
Forvaltning	30,0	30,0	-
Opplæring	88,0	55,7	32,3
Tannhelse	11,0	11,0	-
Plan og næring	11,0	7,5	3,5
Kultur	17,0	7,8	9,2
Samferdsle	130,0	55,3	74,7
SUM	287,0	167,3	119,7

Tilrådingane i dette arbeidsdokumentet opprettheld dei langsiktige innsparringsforventningane på sektornivå. I den grad eit innsparingstiltak ikkje har gitt forventa effekt, er dette erstatta med eit uspesifisert innsparingskrav på sektoren. Dette gjeld førebels sektorane forvaltning, opplæring og kultur.

7.3 Førebels salderingsutfordring

	2016	2017	2018	2019
Balanse etter FT-sak 26/15 Økonomiplan 2016-19:	0,0	0,0	0,0	0,0
Reversering av sluttSaldering - Økonomiplan 2016-19	-52,5	17,1	17,4	-0,2
Vurderingar i arbeidsdokument 5/15				
Prognostisert auke i lokale inntekter	-8,8	-42,4	-67,9	-75,8
Avsetting til ekstraordinær nedbetaling av gjeld	8,8	42,4	67,9	75,8
Reduserte kapitalinntekter/-utgifter	-41,3	-38,8	-28,3	-4,9
Avsetting til ekstraordinær nedbetaling av gjeld	41,3	38,8	28,3	4,9
Reversering av innsparingstiltak - reduserte kap.utgifter				10,7
Reduserte kapitalutgifter - ekstraord. nedbetaling av gjeld		-3,5	-9,4	-16,3
Reduserte pensjonsutgifter	-6,2	-6,2	-6,2	-6,2
<u>Forvaltningssektoren</u>				
Auka løyving til råda	0,1	0,1	0,1	0,1
Auka innsparingskrav		-0,1	-0,1	-0,1
<u>Opplæringssektoren</u>				
Auka gruppetal som følgje av auka elevtal	3,0	7,1	6,2	6,2
Auka urealisert innsparingskrav			-6,2	-6,2
Eitt års forskyving av innsparingstiltaket drift av vg.skule	5,5	6,5		
Omdisponering innafor sektor - omstillingssmidlar	-5,5	-6,5		
<u>Kultursektoren</u>				
Auka løyving - feil ramme i FT-sak 26/15	3,7			
Auka løyving til musea	1,0	0,5	0,5	0,5
Auka urealisert innsparingskrav		-0,5	-0,5	-0,5
<u>Tannhelsesektoren</u>				
Forsert innsparingstiltak i 2016	-2,3			
Totalbalanse	-53,2	14,5	1,8	-12,0

Salderingstabellen viser at om vi opprettheld alle innsparingskrav på sektorane kjem vi no ut med eit lite overskot i slutten av planperioden. Det er då viktig å merke seg at gjeldande økonomisk opplegg bygger på ein del kritiske føresetnader. Den viktigaste av desse er at vi har lagt inn ei forventning om at auka tapskompensasjon skal gje oss 90 mill. kr årleg i auka inntekter frå 2019. I tillegg gjenstår det å sjå om det let seg gjere å realisere føresette innsparinger gjennom dei tiltaka som vi no set i verk.

8 EI KORT VURDERING AV RISIKOFAKTORAR I DET ØKONOMISKE OPPLEGGET

Forsiktighetsprinsippet vert som regel nytta på dei postane som har i seg risikofaktorar. Dette fører til at det vert bygd opp sikringsmarginar på mange postar i budsjettet. Isolert sett er dette fornuftig, men med eit samla driftsbudsjett på i storleiksordenen 2,5 til 3 mrd. kr i året, vert dette fort store beløp. Det er difor viktig å få ei samla oversikt over dei viktigaste risikofaktorane, og vurdere korleis vi har sikra oss mot desse i den årlege budsjetteringa.

Målet må vere på sikt å få til ei samla vurdering av risikoelementa i driftsbudsjettet, og ut frå dette anslå den det samla behovet for sikring. Det vil alltid vere slik at nokre av risikoelementa går i ulik retning, og det er ikkje sannsynleg at alle slår ut samstundes. Enkelte risikofaktorar vil kunne vere gjensidig utelukkande osv. Dette arbeidet er viktig av to grunnar:

- å få ei vurdering på om vi samla sett har god nok sikring i høve dei risikofaktorane vi ser.
- sikre at vi ikkje har til dels store reservar i form av lokale bufferar samstundes som vi må ta ned driftsnivået.

Fylkesrådmannen har alt starta opp deler av dette arbeidet, og i tertialrapporten som går parallelt med dette arbeidsdokumentet, har vi teke ned fleire slike «lokale bufferar».

I tabellen under har fylkesrådmannen gjort ei første vurdering av dei viktigaste risikofaktorane i budsjettet vårt, og vist sikringsordningar der vi har etablert slike.

Område	Budsjett 2016 i mill. kr	Merknader
Skatt	-561	<ul style="list-style-type: none"> - Utgiftsutjamningsordning som del av inntektssystemet. - Vi er sikra 98,2% av landsgjenomsnittet - Risikoer er knytt til skatteinngangen på landsbasis. - Har staten i «ryggen» om det går svært dårlig for kommunesektoren.
Rammetilskot	- 1764	<ul style="list-style-type: none"> - Største risikofaktor knytt til om vi får auke i tapskompensasjon som føresett - Om denne ikkje vert trappa opp, vil vi få ein inntektssvikt i høve gjeldande føresetnader på 22,5 mill. kr i 2016 aukande til 90 mill. ved full innføring av nytt inntektssystem i 2019. - Vi har ikkje sikra oss i høve ein slik varig svikt i inntektene – dette må i såfall kompenseras med iverksetjing av inntektsreduserande tiltak.
Lokale inntekter	-74	<ul style="list-style-type: none"> - Lokale inntekter varierer sterkt over tid. - Har redusert risikoer ved å avgrense bruken av lokale inntekter til driftsføremål - «taket» er sett nær det nivået vi ser kan rekna som stabilt. - I tillegg har vi bygd opp eit bufferfond for å ta årlege svingingar i inntektene (innafor eit budsjettår). Minimumsnivået på bufferen er sett til 70 mill. kr.
Kaitalutgifter	196	<ul style="list-style-type: none"> - Både kapitalutgiftene og – inntektene er svært sårbare for endringar i rentenivået. - Vi har ei risikosikring ved at deler av låneporteføljen og innskota våre er plasserte på faste vilkår. Dette er ei kortsiktig sikring. - På lang sikt er det balansen mellom likviditeten og lånegjelda som avgjer kor sårbare vi er for endringar i rentenivået. - Salderingsstrategi – ekstraordinær nedbetaling av lånegjeld – gjer oss på sikt mindre sårbare for renteendringar. - Til år gjennom dette arbeidsdokumentet å etablere ei sikring for endringar i renteinntekter og –utgifter i året ved at slike svingingar kan sjåast i samanheng med budsjetterte ekstraordinære avdrag.
Sektorane		
Forvaltning	145	<ul style="list-style-type: none"> - Relativt stabile rammevilkår - Største risikofaktor ligg i gjennomføringa av pålagt innsparingskrav på 30 mill. kr.
Opplæring	841	<ul style="list-style-type: none"> - Størst usikkerheit knytt til opplæringstilbodet - Avhengig av tal og type grupper som vert sett i gang - Utgifter til skulelokale og forvaltning elles er relativt stabil - Risikoer for avvik har delvis vore løyst ved sentrale «ufordelte pottar» - som fungerer som buffer i høve svingingar. - Bevisst strategi i komande budsjettprosess å ta ned desse bufferane på tenestenivå. - Skulane har resultatoverføringsordning – denne fangar opp mindre avvik på kort sikt.
Tannhelse	79	<ul style="list-style-type: none"> - Sektor med relativt stabil driftssituasjon - Største utfording no er å få full effekt av strukturelle grep på sektoren - Sektoren har ei høvesvis stor inntektsside. Dette gjer ein sårbar i høve vakansar og då manglande inntening. - Sektoren har resultatoverføringsordning, og har såleis ein buffer i høve mindre avvik i budsjettåret.
Plan og næring	96	<ul style="list-style-type: none"> - Liten risiko - Sektoren sin aktivitet er i stor grad styrbar. - Største risikofaktor er knytt til nivået på dei statlege KMD-midlane då desse er avgjerande for sektoren sin aktivitet .
Kultur	69	<ul style="list-style-type: none"> - Liten risiko - Sektoren sin aktivitet er i stor grad styrbar. - Noko aktivitet er eksternt finansiert – bortfall av desse inntektene vil auke presset på den fylkeskommunale løyvinga.
Samferdsle – kollektiv	398	<ul style="list-style-type: none"> - Inntektsida blir budsjettert med grunnlag i innkomne inntekter dei 7 første månadane i inneverande år.

		<ul style="list-style-type: none"> - Utgjer om lag 100 mill. kr - På ekspressbåt og ferje har selskapa inntektsansvaret. - Størst usikkerheit på inntektssida er knytt til skuleskyssen og kommunane si betaling. - Kostnader knytt til tenestekjøpet på kollektiv er fastsett med grunnlag i indekstal som er klare i november/desember. Store deler av prisbildet i eit budsjettår bygger såleis på kjende storleikar. Utover i planperioden er det ikkje sikring. - Endring av produksjon i samband med oppstart av nytt skuleår kan innebere ein risiko. Enkeltelevar kan utløyse store utgifter. Det er ikkje teke høgde for denne risikoene i budsjettet.
Samferdsle – veg	520	<ul style="list-style-type: none"> - Største risikofaktor på drift av vegnettet er knytt til vinterdrifta. Eventuelle overskridinger vert i stor grad saldert mot vegvedlikehaldet. Om dette ikkje let seg gjere, fører ei eventuell overskridning som regel til tilsvarande avkorting av drifts- og vedlikehaldsbudsjettet påfølgjande år. - Skadar og hendingar på vegnettet utgjer ein stor risikofaktor. Som eksempel kosta Dagmar i 2011 aleine 100 mill. kr. - Vi har bygd opp eit skadefond for å møte uføresette hendingar på vegnettet. Vert skadane store – som i høve Dagmar og no sist Skatestraumtunnelen, stiller som regel staten opp og dekker deler av kostnadane. Ordninga er ikkje formalisert – så det vert ei vurdering i kvart enkelt tilfelle.
Generell sikring		<ul style="list-style-type: none"> - Det vart vist i arbeidsdokument 3/15 at vi vil ha ein kapital på bufferfondet på 214 mill. kr ved utgangen av 2016. Midlane er tenkt nytta til å lette salderingsutfordringane noko det enkelte budsjettår. Midlane vert såleis ei sikring i høve den store omstillingssprosessen fylkeskommunen no er inne i.

Tabellen er ikkje uttømmande. Det må arbeidast vidare med dette området på ein systematisk måte. Men utfrå den førebelse oversikten meiner fylkesrådmannen vi har gode strategiar for å møte dei største risikoelementa i budsjettet.

Det største risikoelementet, som vi førebels ikkje har nokon strategi for å møte, ligg i føresetnaden om auka tapskompensasjon. Om denne ikkje held, står vi i fare for å måtte ta ned driftsnivået vårt med ytterlegare 90 mill. kr årleg fram mot 2019.

Tilråding

Finansutvalet tek orienteringa til vitande. Finansutvalet er innforstått med den risikoene som knyter seg til tapskompensasjonsordninga og vil ut frå dette måtte arbeide politisk for å vinne fram på dette området.

VIDARE ARBEID

Statsbudsjettet vert i år lagt fram 7. oktober. Neste møte i finansutvalet er sett til 12. oktober. Det vil av tidsomsyn ikkje bli utarbeidd noko arbeidsdokument til dette møtet, men det vil bli gitt ein kort informasjon om verknadane av statsbudsjettet.

Neste ordinære møte i finansutvalet vil vere 4. november – då skal finansutvalet etter planen legge fram eit saldert budsjett for 2016. Dette vil vere det første møtet til det nye finansutvalet. I tråd med tidlegare praksis vert det lagt opp til at det føreliggande materialet vert nytta som framlegg til budsjett/økonomiplan og at ev. endringar i dette, vert gjennomført som ein del av den politiske slutthandsaminga av budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Tore Eriksen
Fylkesrådmann

Eli Nes Killingrød
økonomisjef

Brevet er elektronisk godkjent og er utan underskrift

Vedlegg:

1. Notat til FU – Sentraladministrasjonen – organisasjonsendringar
2. Notat – vurdering av lokale inntekter
3. Saksframlegga til hovudutvala sine budsjettsaker
 - a. Hovudutvalet for kultur
 - b. Hovudutvalet for opplæring
 - c. Hovudutvalet for plan og næring
 - d. Hovudutvalet for samferdsle
4. Brev frå Skattedirektoratet – avslag på klage

Kopi til:

Fylkestinget
 Fylkesrådmannen si leiargruppe
 Budsjettgruppa

Oppsummering av fylkesrådmannen sine tilrådingar i dette dokumentet:

...::: Sett inn innstillingen under denne linja ↓

1 DEN VIDARE BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANPROSESSEN**1.1 Fokus i dei ulike prosessane**

Utan tilråding

1.2 Hovudutvala si rolle

Finansutvalet tek presiseringa i høve den vidare budsjett- og økonomiplanprosessen til vitande.

2 JUSTERT OPPLEGG FOR DET VIDARE UTGREIINGSARBEIDET**2.1 Ny driftsstandard for fylkesvegnettet (#45)****2.2 Tannhelseutgreiinga (#22)****2.3 IKT-utgreiinga (#53)****2.4 Sentraladministrasjonen – roller og storleik (#57)****2.5 Innsparingspotensiale i skule- og tilbodsstruktur (#59)****2.6 Fagskuleutgreiinga (#20)**

Punkta 2.1-2.6 er utan tilråding

2.7 Justert utgreiingsportefølje og administrative fristar:

Finansutvalet sluttar seg til skissert opplegg for ferdigstilling av attståande utgreiingar.

Hovudutvalet for samferdsle initierer ein dialog med Buskerud og Oppland fylkeskommunar, for å sjå om ein kan finne løysingar i høve vintervedlikehaldet av fjellovergangen.

Finansutvalet sluttar seg til at framdrifta for utgreiinga av skule- og tilbodsstruktur vert fastsett med tanke på ei politisk handsaming våren 2017. Utgreiinga vert todelt;

første fase skal ta stilling til prinsipielle føringar,

med grunnlag i desse føringane skal det utarbeidast ein modell for framtidig ny skule- og tilbodsstruktur.

Hovudutvalet for opplæring får fullmakt til å godkjenne mandatet, og kome med framlegg til prinsipielle føringar.

Finansutvalet sluttar seg til at det vert utarbeidd eit tillegg til rom-programmet for Hafstad vidaregåande skule som visar ekstrakostnader ved å legge til rette for ei eventuell endring i

skulestrukturen på seinare tidspunkt. Rom-programmet med tilhøyrande tillegg vert å handsame som eiga politisk sak når dette er klårt.

3 INVESTERINGSBUDSJETTET

3.1 Forskyving i investeringsprosjekt – forskyvd låneopptak

Utan tilråding

3.2 Bygginvesteringar

Fellesmagasinet vert søkt løyst gjennom det nedskalerte fellesprosjektet «Kløften».

Fylkeskommunal medverknad føreset at:

- * Det må lagast ein avtale mellom partane som regulerer ansvarsdelinga for finansiering og drift.
- * Fylkeskommunen vert eigar av den delen av bygget/eigedommen fylkeskommunen finansierer.

Under føresetnad av at Førde kommune tek 50% av kostnadane til forprosjektet om prosjektet ikkje vert realisert, vert det opna for å gjennomføre eit forprosjekt i 2016.

Det vert gjennomført eit skisseprosjekt våren 2016 med tanke på å definere investeringsbehovet på blokk C ved Måløy vidaregåande skule. Investeringsbehovet vert å kome attende til som ein del av økonomiplan 2017-20.

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for bygg vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

3.3 Fylkesveginvesteringar

Framlegg til investerings- og finansieringsprogram for fylkesvegar og rassikring vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett og økonomiplan.

4 DRIFTSBUDSJETTET – JUSTERINGAR AV BASISRAMMENE

4.1 Lokale inntekter samla

Den nye prognosene for lokale inntekter vert lagt til grunn for det vidare arbeidet med budsjett 2016/økonomiplan 2016-19. Auka prognostiserte inntekter i høve gjeldande økonomiplan vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

4.2 Kapitalinntekter og -utgifter

Rentesats på lån vert sett til 2,4 % i 2016, 2,4 % i 2017, 2,5 % i 2018 og 2,9 % i 2019.

Rentesats på bankinnskot/rentekompensasjonsordning vert føresett 0,5 % lågare enn renta på lån.

Ny prognose for rentekompensasjonsordningane vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Det vert føresett ein gjennomsnittslikviditet på 850 mill. kr i 2016. Det vert lagt til grunn ein årleg reduksjon på 100 mill. kr til 2019.

Ny prognose for netto ordinære renteinntekter vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Nye føresetnader for kapitalutgiftsbelastninga vert innarbeidd i det økonomiske opplegget for budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

Den samla svikten i kapitalinntekter utifrå nye prognosar vert saldert mot budsjettet reduksjon i kapitalutgiftene. Resterande innsparing i kapitalutgiftene i høve gjeldande økonomiplan vert nytta til ekstraordinær nedbetaling av gjeld.

Fylkesrådmannen får høve til å sjå eventuelle endringar i renteføresetnadane - for både kapitalinntektene og -utgiftene - mot avsettinga til gjeldssanering det enkelte budsjettår.

5 INNSPEL FRÅ SEKTORANE

5.1 HU-sakene - tilpassing til rammene i 2016

Tilrådingane til hovudutvala for sektorane opplæring, plan og næring, kultur og samferdsle vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

5.2 Forvaltning - tilpassing til rammene i 2016

Fylkesrådmannen sine tilrådingar til konkretisering av innsparingstiltaka for sektoren forvaltning vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

5.3 Tannhelse – skisse for tilpassing til rammene i 2016

Fylkesrådmannen si konkretisering av innsparingstiltaka på tannhensesektoren for budsjettåret 2016 vert lagt til grunn i det vidare budsjettarbeidet.

6 ANDRE BUDSJETT- OG ØKONOMIPLANRELATERTE SAKER

6.1 Kontrollutvalet – framlegg til budsjett/økonomiplan

Finansutvalet tek innspela frå kontrollutvalet til vitande. Dei økonomiske konsekvensane av budsjetttilrådinga vert å innarbeide i framlegg til budsjett 2016/økonomiplan 2016-19.

6.2 Fordeling av auka tapskompensasjon i 2015 – kva skjer vidare?

Finansutvalet tek orienteringa om fordeling av auka tapskompensasjon i 2015 til vitande.

Det politiske arbeidet for å få heve den årlege tapskompensasjonen held fram.

6.3 Pensjonsutgifter

Samla utgifter til pensjon vert redusert med 6,2 mill. kr. Dette er tilsvarande ufordelt pott til føremålet.

6.4 Avkorting av MVA-kompensasjon 4.termin 2013 – Avslag på klage

Finansutvalet tek orienteringa om avslag på klagen om avkorting av mva-kompensasjonen for 4. termin 2013 til vitande.

Det vert arbeidd vidare mot SVV med tanke på å avklare ansvarstilhøva i denne saka.

6.5 Gjennomføring av vedteken skulebruksplan

Ramma til opplæring vert auka med 3,0 mill kr i 2016 og 7,1 mill. kr i 2017 for å møte auka elevtal i høve gjeldande føresetnader. Auka behov dei påfølgjande åra får status som urealisert innsparingskrav på sektoren.

6.6 Skulebruksplanen - Krav om oppfylling i grupper

HO si fullmakt i budsjettreglementet til å gjere unntak frå vedtak i fylkestingssak 26/13 pkt 6. om oppfyllingskrav fell bort.

6.7 Gjennomføring av «personaltunge» innsparingstiltak i opplæringssektoren

Den delen av innsparingstiltaket knytt til drifta av dei vidaregåande skulane som er knytt til oppbygging av faga i arbeidsåret vert forskyvd med eitt år.

Redusert innsparing i 2016 og 2017 vert dekka inn ved å omdisponere omdisponere 5,5 mill. kr i 2016 og 6,5 mill. kr i 2017 frå «omstillingstiltak for pedagogisk personale» til «drift av dei vidaregåande skulane».

6.8 Musea i Sogn og Fjordane – nedtrapping av fylkeskommunalt tilskot

Ramma til kultursektoren vert auka med 1,0 mill. kr i 2016, medan den årlege auken i tilskot på 0,5 mill. kr årleg for åra deretter får status som urealsert innsparingskrav på sektoren.

6.9 FT-sak om plan for tunnelrehabilitering – rammer for prioritering

Finansutvalet tek orienteringa til vitande.

6.10 Utvinning av rutil frå Engebø-fjellet – fylkeskommunal medverknad

Finansutvalet tek orienteringa om administrasjonen sine kontaktar mot miljøet rundt Engebø-satsinga til vitande.

7 SALDERING AV BUDSJETT 2016/ØKONOMIPLAN 2016-19

7.1 Tilbakeføring av sluttSalderinga i økonomiplan 2016-19

7.2 Innsparingsambisjonen på sektorNivå

7.3 Førebels salderingsutfordring

Punkta 14.1-14.3 er utan tilråding

8 EI KORT VURDERING AV RISIKOFAKTORAR I DET ØKONOMISKE OPPLEGGET

Finansutvalet tek orienteringa til vitande. Finansutvalet er innforstått med den risikoen som knyter seg til tapskompensasjonsordninga og vil ut frå dette måtte arbeide politisk for å vinne fram på dette området.

9 VIDARE ARBEID

Utan tilråding

...::: Sett inn innstillingen over denne linja ↑